



Dagsturhytta i Trivelsskogen. Foto: Kjersti Rønningen.

# Årsmelding 2017

Rådmannen si årsmelding datert 3. mai 2018

## Innhald

Viktige hendingar i året.....	3
Politisk organisering og leiing .....	5
Rådmannen har ordet.....	10
Administrativ organisering og leiing .....	11
Medarbeidarar og personalpolitikk .....	13
Kva har vi fått til i 2017? .....	18
Tenesteområda .....	20
Hovudtal for 2017 .....	20
Formannskapet .....	20
Oppvekstutvalet .....	23
Helse- og omsorgsutvalet.....	28
MULTEK-utvalet – teknisk sektor .....	35
MULTEK-utvalet – kultur .....	43
Stab og støtte.....	48
Samarbeid og interkommunale tenester .....	51
Lokalsamfunn .....	52
Kven representerer Gloppen kommune? .....	54
Årets prisvinnarar i 2017 .....	55



8. mai 2017 vart det markert at Gloppen er blitt ein Trygg lokalsamfunn-kommune. Dagen vart feira saman med alle barnehagane i Gloppen. Foto: Siv Kvalsik Haugen.

## Viktige hendingar i året

### Opning av 'ny' ungdomsskule og andre investeringar



*Leiar i oppvekstutvalet, Bernt Reed, ønskjer rektor på Gloppe ungdomsskulen, Ragnhild Bruvoll, til lukke med 'ny' skule. Foto: Jan Kåre Fure.*

11. mai 2017 var det endeleg klart for offisiell opning av den 'nye' ungdomsskulen. Ombygginga var i hovudsak klar til skulestart hausten 2016. Fram til årsskiftet 2017/2018 har vi bruk vel 65,5 mill. på prosjektet, moms medrekna. Framleis står det att noko arbeid som skal gjerast sommaren 2018.

Eit anna anlegg som også vart opna i 2017 var den nye vegen i Selvågane. Dette er eit 'gammalt' prosjekt som har vore med i dei kommunale planane i årevis. Vegen vart opna den 27. oktober. Det har teke lang tid å få fastsett erstatninga for kjøp av grunn til vegen. Kommunen anka erstatninga som tingretten fastsette i januar 2017 fordi vi meinte rutemeterprisen på 500 kroner var for høg og fastsett på feil grunnlag. Saka enda med rettsforlik i samband med ankebehandlinga i lagmannsretten i november 2017. Vi vart då samde om ein pris på 310,- for rutemeteren. Grunneigar oppnådde på si side å få utsett betalinga av sin refusjon til tomtene i området blir utbygde eller selde.

Vi avslutta også 2017 med ein ny avtale om sal og utbygging av Elvaneset. Fellesskapet Elvaneset AS kjøpte eigedomen for 4 mill. og skal etter avtalen med kommunen bygge ut området til bustadformål.

I 2017 var kommunen også med på aksjeutvidinga i SFE AS med 11,8 mill., og vi eig no nesten 3,5 % av SFE. Berre Flora er større kommunal eigar enn Gloppe.



*Ny veg i Selvågane vart opna den 27. oktober i 2017. Dette er frå synfaringa i lagmannsretten ein månad seinare. Vi ser partane sine advokatar med papira, Stig J. Harris for kommunen og Jan Erik Mardal for grunneigar, Steffen Sandene (nr to f.h.). Foto: Inger Haldis Aske Lothe, Firda Tidend.*

## Eit planår

Vi har laga mange planar i 2017. *For* mange, vil kan-sje nokon seie. Det er likevel eit faktum at planlegging både er avgjerande og nødvendig for å få gjort noko, og så lenge vi sjølve ser nytten i planarbeidet, er det ikkje grunn til å ureo seg.

Sjølv om kommunestyrevedtaket på samfunnss-delen i kommuneplanen ikkje kom før på første møtet i 2018, er alt det praktiske og mesteparten av det politiske arbeidet med planen gjort i 2017. «Ein rikare kvardag – midt i verda» er visjonen som ligg til grunn i kommuneplanen. Arbeidet med planen har vore omfattande med eit breitt og godt engasjement. Planen skal gje både kommunen og lokalsamfunnet noko å strekkje seg etter framover til 2030.

Kommunen si første eigarskapsmelding vart god-kjent i 2017. Vi vedtok bustadpolitisk plan, barnehage- og skulebruksplan, plan for utbygging av brei-band til alle husstandane i Gloppen og område-reguleringsplan for Sandane-Øyrane.

Så lærde vi oss eit nytt omgrep i 2017, nemleg paralleloppdrag. Det var omtalen av eit prosjekt som skulle sjå på korleis vi kan utvikle Sandane til ein berekraftig og attraktiv fjordlandsby.

Ny taksering av grunnlaget for eigedomsskatt på bustader og fritidseigedomar vart i det alt vesentlege gjennomført i 2017.

Og til slutt må nemnast delegeringsreglementet som omsider vart klart og vedteke av kommunestyret på siste møtet før jul i 2017.

## Eit prisverdig år

2017 har på fleire måtar sett Gloppen på kartet på ein positiv og god måte. Ei stund på hausten vart det tildelt ein pris til Gloppen og gloparane nesten kvar veke. Nokre av desse skal også kommunen ha æra for, heilt eller delvis.

«De eldre i Gloppen får landets beste mat på døren», skreiv Forbrukarrådet då kommunen sitt kjøkken vart årets vinnar av ‘Gylne måltidsøyeblikk’. Kjøkkenet vårt har vore langt framme i denne konkurransen i fleire år, og i 2017 var vi altså best av alle.



F.v. Jean Daniel Tenuud, Gunnvor Sunde og Per Arne Bakke jublar over prisen frå Forbrukarrådet og Landbruks- og matdepartementet. Foto: Hege Inderberg.

Også prisen som Norges musikkommune 2017 må kommunen få noko av æra for. «Årets vinner har gjort en stor innsats for å gi alle aldersgrupper muligheten til å oppleve og delta i musikk», heiter det i tildelinga frå Norsk musikkråd. Prisen vart delt ut i samband med opninga av Gloppen Musikkfest.

Vi gledar oss også over at Firda vgs. i 2017 fekk Dronning Sonja sin skulepris for inkludering og likeverd. «Skulen skil seg ut med ei gjennomtenkt tilnærming til inkludering og relasjonsbygging gjennom sitt langvarige arbeid for å sjå heilskapen rundt elevane», sa juryleiar og direktør ved Norsk senter for menneskerettar Inga Bostad då det vart kjent at Firda vgs. fekk prisen. Dronninga sjølv overrekte prisen den 28. november.



Og så må vi ikkje gløyme at badeanlegget i trivselshagen vart opna igjen 11. mars. Foto: Edvin André Hugvik.


## Politisk organisering og leiing

Gloppen kommune er politisk organisert etter hovudutvalsmodellen, med fire hovudutval (inkludert administrasjonsutvalet) og formannskap. Alle medlemmene i kommunestyret er plasserte i

formannskapet og hovudutvala. I tillegg sit leiaren i kontrollutvalet også i kommunestyret. Organiseringa vart endra etter kommunestyrevalet i 2015 ved å redusere talet på hovudutval frå fem til fire.

# Politisk organisering

Gjeld frå 2. november 2015



Til organisasjonskartet:

**Formannskapet** er kommunen sitt generelle klageorgan etter § 28 i forvaltningslova. Formannskapet har også kontrollfunksjonen etter alkohollova og er hovudutval for saksområde som fell utanfor dei andre hovudutvala sine saksfelt, t.d. samferdslesaker og nærings- og ressurssaker.

Plansakene er etter kommunestyret sitt vedtak av 20. juni 2011 delte mellom formannskapet (kommuneplansaker) og MULTEK-utvalet (reguleringsplansaker).

I saker som gjeld arbeid med årsbudsjettet og økonomiplanen blir formannskapet utvida med gruppeleiarane i dei partia som ikkje er med i formannskapet til eit **finansutval**.

**MULTEK-utvalet** er kommunen sitt organ i viltsaker og saker etter friluftslova og naturmangfaldslova.

Politiske organisasjonskart ved årsskiftet 2015/2016.

**Administrasjonsutvalet** er kommunen sitt hovudutval i organisasjonssaker. Utvalet er sett saman av fire kommunestyremedlemmer og tre medlemmer peika ut av dei tilsette sine organisjonar.

---

Desse utvala er ikkje med på organisasjonskartet:

**Valstyret** er eit lovpålagt organ som i denne valperioden er sett saman av formannskapet og gruppeleiarane i dei partia som ikkje er med i formannskapet. Leiar er ordføraren.

**Arbeidsmiljøutvalet** er eit lovpålagt organ der arbeidsgjever og arbeidstakarane skal ha like mange medlemmer. Leiaren i administrasjonsutvalet er ein av arbeidsgjever sine representantar i utvalet.

## Politisk leiing



Ordførar Leidulf Gloppestad.  
Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Ordførar Leidulf Gloppestad frå Senterpartiet vart valt til ordførar i 2015. Med seg i den politiske leiinga har han varaordførar Magni Aa Berge (Sp).

Utvalsleiarane er Arnfinn Brekke (KrF) i helse- og omsorgsutvalet, Bernt Reed (Sp) i oppvekstutvalet, Arnar Kvernevik (Ap) i MULTEK-utvalet og Bjarte Gangeskar (V) i administrasjonsutvalet.

Ordføraren representerer Gloppen kommune i alle samanhengar der det ikkje er valt eigne representantar (sjå oversikta på side 54 i årsmeldinga) eller der representasjonsansvaret ligg til rådmannen.

## Kommunestyret - 2015-2019

### Senterpartiet (Sp)

1. Leidulf Gloppestad
2. Magni Aa Berge
3. Jeffrey Thomas
4. Kent Øystein Hjelle
5. Bernt Reed
6. Olaf Sigurd Gundersen
7. Jostein Arne Røyrvik
8. Vidar Sandal
9. Per Rune Vereide
10. Marit Straume
11. Solveig Lien Gusdal

### Høgre (H)

1. Anniken Rygg
2. Jan Asle Rustøen

### Samfunnsdemokratane (SD)

1. Gunnvor Sunde
2. Edgar Kvernevik

### Kristeleg Folkeparti (KrF)

1. Svein-Ottar Sandal
2. Arnfinn Brekke
3. Leidulf Rygg Bogstad
4. Venke Kollbotn
5. Per Ståle Husevåg
6. Audun Mundal
7. Frode Fagerli

### Venstre (V)

1. Bjarte Gangeskar

### Arbeiderpartiet (Ap)

1. Arnar Kvernevik
2. Liv Petra Holme

### Miljøpartiet dei grøne (MDG)

1. Mariel Eikeset Koren

### Sosialistisk Venstreparti (SV)

1. Hege Lothe

Kommunestyret er lovpålagt etter § 6 i kommunelova.

## Formannskapet

- Leidulf Gloppestad (Sp) - ordførar  
Magni Aa Berge (Sp) - varaordførar  
Bernt Reed (Sp)  
Svein-Ottar Sandal (KrF)  
Venke Kollbotn (KrF)  
Arnfinn Brekke (KrF)  
Gunnvor Sunde (SD)  
Arnar Kvernevik (Ap)  
Bjarte Gangeskar (V)

Formannskapet er lovpålagt etter § 8 i kommunelova (for dei kommunar som ikkje har parlamentarisk styre).

Formannskapet er finansutval (sjå omtale på side 5), generelt klageorgan og har kontrollansvaret etter alkohollova.

Formannskapet er også hovudutval for saker som fell utanom dei andre hovudutvalsområda sitt ansvarsområde.

**Helse- og omsorgsutvalet (HOU)**

Arnfinn Brekke (KrF) – leiar  
Olaf Sigurd Gundersen (Sp) – nestleiar  
Per Ståle Husevåg (KrF)  
Marit Straume (Sp)  
Vidar Sandal (Sp)  
Anniken Rygg (H)  
Liv Petra Holme (Ap)

Helse- og omsorgsutvalet er styre for August Christian Mohr legat (til vanleg omtala som Mohrs legat) og Brita og Hans Thorbergens legat.

**Oppvekstutvalet (OPV)**

Bernt Reed (Sp) – leiar  
Hege Lothe (SV) – nestleiar  
Jeffrey Thomas (Sp)  
Jostein Arne Røyrvik (Sp)  
Gunnvor Sunde (SD)  
Svein-Ottar Sandal (KrF)  
Venke Kollbotn (KrF)

Oppvekstutvalet har ingen særfunksjonar.

**MULTEK-utvalet**

Arnar Kvernevik (Ap) – leiar  
Audun Mundal (KrF) – nestleiar  
Kent Øystein Hjelle (Sp)  
Solveig Lien Gusdal (Sp)  
Edgar Kvernevik (SD)  
Jan Asle Rustøen (H)  
Marie Eikeset Koren (MDG)

MULTEK-utvalet er styre for Anders Klaussen og Alffrida Egges Minnelegat.

**Administrasjonsutvalet (AMU)**

*Folkevalde*  
Bjarte Gangeskar (V) – leiar  
Magni Aa Berge (Sp) – nestleiar  
Per Rune Vereide (Sp)  
Leidulf Rygg Bogstad (KrF)  
*Frå dei tilsette*  
Tone Kristin Morken (Fagforbundet)  
Marie Gjengedal (Fellesorganisasjonen)  
Kristin Sælen (Utdanningsforbundet)

Administrasjonsutvalet er lovpålagt etter § 25 i kommunelova viss ikkje partane lokalt avtalar andre samarbeidsordningar.

Dei folkevalde er valde for heile valperioden, medan dei tilsette sine representantar er valde for to år.

**Kontrollutvalet**

Frode Fagerli (KrF) – leiar  
Bjarne Bø (Sp) – nestleiar  
Ingrid Aske (KrF)  
Charlotte R. Holtan (SD)  
Jenny Hysing (SV)

Kontrollutvalet er lovpålagt etter § 77 i kommunelova.

## Talet på saker i styre, utval og råd

Utval	2017	2016	2015	2014	2013	
Kommunestyret	81	108	86	91	83	*MULTEK-utvalet er ei samanslåing av det
Formannskapet	132	161	149	137	154	som i førre valperiode var kultur- og
Helse- og omsorgsutvalet	47	44	50	45	44	miljøutvalet og teknisk og landbruksutvalet.
Oppvekstutvalet	46	48	42	39	37	Tabellen viser også samla saksmengde for
MULTEK-utvalet*	105	137	125	143	156	dese utvala fram til samanslåinga i oktober
Administrasjonsutvalet	15	19	22	22	24	2015.
Kontrollutvalet	31	45	36	30	27	
Elderrådet	22	28	24	24	32	**Ungdomsrådet fører frå hausten 2017
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	31	30	18	22	19	ordinær møtebok som dei andre utvala
Ungdomsrådet**	20	27	24	22	14	

## Stortingsvalet 2017

11. september 2017 var det stortingsval. STIL-stova vart brukt som røystelokale på Sandane og kommunen tok i bruk elektronisk manntal for første gong. Valet vart elles gjennomført på tradisjonelt vis, utan merknader korkje frå fylkesvalstyret eller andre.

### VALDELTAKING

Talet på røysteføre	Talet på røyster	Frammøteprosent	Talet på blanke stemmer	Talet på vraka stemmesedlar
4.232	3.494	82,6%	10	1



Frå førehandsrøystinga i Trivselshagen. Margrete Solheim frå servicetorget er klar til å ta i mot røyster. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

VALRESULTAT

Liste	Opptalde stemmer	I %	Endring frå valet i 2013	Endring i %	Endring frå valet i 2009	Endring i %
Arbeidarpartiet	501	14,4	+158	+4,4	+36	+0,5
Sosialistisk Venstreparti	163	4,7	+60	+1,7	-8	-0,4
Raudt	18	0,5	+7	+0,2	+1	0,0
Senterpartiet	1.691	48,5	+176	+4,5	+124	+1,7
Kristeleg folkeparti	336	9,6	-344	-10,2	-53	-2,0
Venstre	149	4,3	-135	-4,0	+59	+1,6
Høgre	321	9,2	+78	+2,1	+17	+0,1
Framstegspartiet	184	5,3	+21	+0,6	-149	-4,7
Miljøpartiet Dei Grøne	93	2,7	+46	+1,3	+87	+2,6
Demokratane i Noreg	0	0,0	-1	0,0	-1	0,0
Dei Kristne	21	0,6	-22	-0,6		
Helsepartiet	4	0,1				
Liberalistane	2	0,1				
Alliansen	1	0,0				
Andre	0	0,0	-8	-0,2	-3	-0,1
Total	3.484	82,6	+43	+0,4	+135	+4,1

Tabellane er henta frå valportalen valgresultat.no. 10 røysta blankt i 2017 og 11 i 2013.

NÅR VI JOBBAR I LAG...



Behovet for gang- og sykkelveg langs fv 615 frå Vonheim og sørover er udiskutabel. Etter godt fagleg og politisk arbeid i 2017 greidde vi å få prosjektet inn på fylkeskommunen si prioriteringsliste. Foto: Andreas Nygjerd.

## Rådmannen har ordet



Med unnatak av det dramatiske regnvêret som først og fremst råka deler av Breim den 24. juli, var 2017 eit år utan dei heilt store og dramatiske kommunale hendingane. Uvêret denne dagen gjekk verst utover våre naboar i Utvik, men også breimningane fekk kjenne dramatikken på kroppen. Heldigvis vart ingen skadde, men mykje vart øydelagt – både for private og for det offentlege. Dei kommunale skadane kom på rundt 3 mill. Av dette hjelpte staten oss med 1,3 mill.

Dei mest optimistiske av oss – mellom desse også rådmannen sjølv – trudde lenge at kommuneadministrasjonen i år kunne flytte inn att i heradshuset etter brannen. Slik gjekk det ikkje. Vi har vore i leigde lokale på Søreide i heile 2017.

Medan vi har vore på Søreide, har mykje planarbeid vore gjort – ikkje minst når det gjeld Sandane sentrum. Parallel-oppdrag er eit omgrep vi har blitt kjende med i 2017.

*Jan Kåre Fure tok til som rådmann i Gloppen 1. mai 2014. I 2017 har 'heradshuset' vore på Søreide. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.*

Korleis kan Sandane utvikle seg til ein berekraftig og attraktiv fjordlandsby? Det var oppdraget vi gav til to fagteam tidleg i 2017. Prosjektet fekk namnet parallelloppdraget fordi det var to team som arbeidde med saka. Saman med ei lokal og breitt samansett arbeidsgruppe og ein evalueringsskomité med endå breiare samansetting, konkluderte parallelloppdraget med at vi bør

- satse på fjorden sine muleheder og kvalitetar
- oppgradere Sandane for mjuke trafikantar og lage ein samkørt parkeringsstrategi
- satse på kultursentrum, ungdomen og kulturallmenningen
- ta vare på det unike i Sandane
- lage ein plan som ivaretok muleheder for ny næringsutvikling
- bygge bustader som bidreg til ein god sentrumsutvikling
- lage ein tydeleg handlingsplan med prioriterte prosjekt på ulik nivå.

Formannskapet slutta seg til konklusjonane frå oppdraget og vil legge desse til grunn for arbeidet med utvikling av Sandane.

### Aksjekøp i SFE

Våren 2017 inviterte SFE eigarane sine til å skyte inn meir aksjekapital i selskapet. Bakgrunnen var utbygginga av Østerbø kraftverk i Høyanger kommune. Med styrka eigenkapital ville SFE framleis få gode lånevilkår for prosjekta sine. Med unnatak av BKK og Naustdal kommune gjekk alle SFE-eigarane inn med meir pengar. For Gloppen sin del var beløpet 11,8 mill. Etter kjøpet eig Gloppen no 3,458 % av SFE.

Kommunane kan ikkje låne pengar til aksjekjøp. Vår aksjeutviding vart derfor finansiert med fond i 2017 og 2018. Det står no att å finansiere 5,7 mill.

Regionreforma, med samanslåing av Sogn og Fjordane med Hordaland, har ført til noko uro om den fylkeskommunale eigarskapen i SFE.

### Meir planarbeid

Sjølv om samfunnssdelen av kommuneplanen ikkje vart vedteken før på nyåret i 2018, vart arbeidet og behandlinga av planen i all hovudsak gjort i 2017. Vi har no fått oss ein oppdatert og moderne samfunnssdel som skal leggast til grunn for utviklinga av Gloppen. «Ein rikare kvar dal – midt i verda» er visjonen i kommuneplanen.

2017 har også elles vore eit ‘planår’. Vi har laga og godkjent vår første eigarskapsmelding, og elles vedteke m.a. desse planane: bustadpolitisk plan, barnehage- og skulebruksplan, breibandsplan og omreguleringsplan for Sandane-Øyrane.

### Krevjande budsjettarbeid

Arbeidet med 2018-budsjettet sette sitt preg både på slutten av 2017 og på starten av 2018. Vi kom ikkje i land på vanleg måte utan vesentleg bruk av disposisjonsfondet. Ein ny budsjetttrunde tidleg i 2018 var derfor nødvendig.

Gledeleg nok greidde vi å gjere opp 2017-rekneskapen på pluss-sida. Årsaka til dette er først og fremst betre skatteinngang enn rekna med og litt lavare utgifter til renter, avdrag og pensjon.

### Auke i folketalet


2107 var eit godt år for folketalet i Gloppen. Vi vart 91 fleire i 2017, og dette er den nest største folkeveksten i fylket. Sjølv om det ofte er litt tilfeldig korleis folketalet utviklar seg frå eitt år til eit anna, er det grunn til å tro at gode kommunale tenester og eit attraktivt lokalsamfunn er viktige årsaker til at vi blir fleire.

Ikkje noko er viktigare for dei kommunale inntektene enn folketalet. Vi må derfor alltid legge vekt på tiltak som fører til at folk blir verande og finn seg til rette i Gloppen. Her har kommunen sjølv sagt ei viktig rolle, men det er også opp til deg og meg.

## Administrativ organisering og leiing

# Administrativ organisering

Gjeld fra 1. januar 2018



Administrativ organisering, sist oppdatert 1. januar 2018.

Det vart gjort mindre endringar i den administrative organiseringa i 2017 ved at miljøarbeidartenesta vart oppretta som ei eiga eining som ei samanslåing av Åsateigen og Åsavegen. Plan og utgriing vart flytta frå kultur og næring til stab og støtte som ei eiga fagavdeling.

### Leiing og leiatarar i Gloppen

Gloppen kommune er organisert etter sektormodellen. Modellen har tre nivå der rådmannen er øvste administrative leiari. Under seg har rådmannen fem «rådmenn» for sine sektorar/ansvars-område: Stab og støtte, oppvekst, helse og omsorg, tekniske tenester og kultur og næring. Avdelingane under dette – nivå tre – er *einingane*, som alle er leia at ein einingsleiari.

Rådmannen si *leiargruppe* er sett saman av leiatarane for sektorane, pluss organisasjonssjefen, personalsjefen og rådmannen sjølv. Det gir ei leiargruppe på sju medlemmer. Kultursjefen fungerer som rådmann i rådmannen sitt fråvær. Er både rådmannen og kultursjefen vekke, fungerer organisasjonssjefen som rådmann.

Rådmannen si leiargruppe og einingsleiatarane utgjer saman med økonomisjefen kommunen sitt *leiatform*.

Det vart ikkje gjort organisatoriske endringar i leiistarstrukturen i 2017.



Ann Mari Bjørlo tok til som einingsleiari for plan- og byggesak 1. februar 2017. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Ved årsskiftet 2017/2018 utgjorde desse leiarforumet:

### Rådmannen si leiargruppe

Funksjon	Namn
Rådmann	Jan Kåre Fure
Organisasjonssjef	Geir Liavåg Strand
Oppvekstsjef	Per Arne Strand
Helse- og omsorgssjef	Anita Lothe
Teknisk sjef	Kjell Petter Solhaug
Kultursjef	Jan-Kjetil Øygard
Personalsjef	Rita Lilletvedt

### Einingar og einingsleiarar

Oppvekst	Tittel og namn
Breim skule	Rektor Marianne Kårstad Raad
Gloppen ungdomsskule	Rektor Ragnhild Bruvoll
Hyen skule og barnehage	Rektor Vigdis Henden
Nordstranda skule	Rektor Elisabeth Sunde Andenæs*
Sandane skule	Rektor Linn Kristin Øren
Breim barnehage	Styrar Anette Støyva
Mona barnehage	Styrar Margrete Huus Fjellestad
Gloppen opplæringsenter	Rektor Sonja Jordanger Loen
PP-tenesta	PPT-leiar Hilde Nødset
Barnevernstenesta	Barnevernsleiar Gerd Ynnesdal*
Helsestasjonen	Leiande helsesøster Gerd Heimsæter Aa

\* Nye i 2017.

Helse og omsorg	Tittel og namn
Legetenesta	Kommuneoverlege Benny Ø. Hansen
Psykisk helse	Einingsleiar Synnøve Grov (konstituert)
Fysio-/ergoterapi	Einingsleiar Margot Andenes

Gloppen omsorgssenter	Einingsleiar Iren Knutsen Utheim
1. etasje	Einingsleiar Cecilie Majchrowicz
Oreteigen	Helgheim
	Einingsleiar Marit Horntvedt
Heimetenesta	Kjøkkensjef Gunnvor Sunde
Gotatoppen	Einingsleiar Siri-Merethe Solheim
Gloppen kommunale kjøkken	Einingsleiar Elsa Hjorteset
Miljøarbeidartenesta	Einingsleiar Oddrun Ommedal
Breim heimeteneste	Einingsleiar Kari-Ann Krogh
Hyen heimeteneste	NAV-leiar Øyvind Hervik
Sandane heimeteneste	
NAV Gloppen (den kommunale delen)	

Teknisk sektor	Tittel og namn
Eigedomsavdelinga	Eigedomssjef Odd Arne Kolseth
Landbrukskontoret	Landbruksjef Trine Alme
Kommunalteknikk	Leiar kommunalteknikk Per Ove Fossheim
Brann og beredskap	Brann- og beredskapsjef Runar Kleppe
Plan- og byggesak	Einingsleiar Ann Mari Bjørlo*

\* Ny i 2017.

Kultur og næring	Tittel og namn
Gloppen folkebibliotek	Biblioteksjef Torill Berge
Gloppen kulturskule	Rektor Ann Karin W. Ose
Kulturhuset	Dagleg leiar Ola Tarjei Kroken
Trivelshagen	Dagleg leiar Øystein Sundal
Trivelshagen bad og idrett	

Til kultur og næring hører også næringssjefen, men politisk ligg næringssakene til formannskapet.

## Medarbeidarar og personalpolitikk

Det blei utskrive 1.284 lønns- og trekkoppgåver i 2017. Dette er tal personar som har fått lønn eller godtgjersle frå Gloppen kommune dette budsjettåret.

### ÅRSVERK, STILLINGAR OG TAL TILSETTE

Tabellane nedanfor inneheld ikkje støttekontaktar, folkevalde og personar med kvalifiserings- og introduksjonstilskot. Tal per 31.12.2017.

	Årsverk	Tal stillingar	Tal tilsette
Kvinner	405	661	525
Menn	98	149	114
Sum	503	810	639

**Årsverk:** Inneheld alle med ein fast stillingsprosent.

**Tal stillingar:** Ein tilsett kan arbeide i fleire stillingar, anten på same avdeling eller på fleire avdelingar. Nokre har delt opp 100 % stilling i fleire små stillingsprosentar av budsjettmessige årsaker.

**Tal tilsette:** Dette er tilsette med ein registrert stillingsprosent.

Sum delstillingar og gjennomsnittleg stillingsprosent

	Årsverk	Tal tilsette	Gj.snitt. stillingsprosent
Kvinner	178	299	59,53
Menn	17	33	51,52

### UTVIKLINGA I TALET ÅRSVERK I KOMMUNEN

	2017	2016	2015	2014	2013
Årsverk	503	483	463	430	426

Auken i årsverk frå 2016 til 2017 skuldast i hovudsak etablering av Myklebusstunet, vedtak knytt til Sol-sikka avlastningsteneste, ekstraressursar i heime-tenesta på Sandane, ei ekstra klasse ved Gloppen ungdomsskule, fleire fleirspråklege elevar med rett til særskilt språkopplæring og fosterbarn frå andre kommunar som krev meir ressursar.

I staden for kjøp av advokat-tenester er det tilsett juridisk rådgjevar i kombinasjon med einingsleiar-stilling i teknisk sektor. Det er også tilsett prosjekt-leiar for oppfølging av kommunen sine mange investeringsprosjekt. Dette er eit engasjement.

Oversikta over talet på årsverk er bruttotal, d.v.s. at ei stilling som fullt ut er finansiert av tilskot eller refusjonar tel like mykje som ei stilling som det ikkje er inntekter på.

Tala viser også vikarbruken ved sjukmeldingar m.m. Sjukefråværet er lavt og stabilt, og påverkar ikkje talet på tilsette i stor grad.

Det er nødvendig å utvikle betre metodar for god nok oversikt i talet på årsverk og korleis utviklinga er frå år til år. Auken i talet på årsverk er ikkje noko spesielt for Gloppen. I den årlege pensjonsgjennom-gangen med KLP, seinast 8. mars 2018, viser tala frå KLP at årsverka aukar i så godt som alle kommunar.


I årsbudsjettdokumentet både for 2017 og 2018 er det gjeve meir deltaljer informasjon om endringane i årsverk på einingsnivå.



Myklebusstunet på Kleivedammen vart opna i 2017 og forklarar noko av auken i talet på kommunale årsverk i 2017. Foto: Jan Kåre Fure.

## Aldersfordeling på tilsette over 50 år i Gloppen kommune

Per 31. desember 2017 har kommunen 260 arbeidstakarar over 50 år og 179 over 55 år. Tilsvarande tal per 31. desember 2016 var 269 og 191. Fordelinga ved siste årsskiftet er slik på den enkelte alder:



## Likestilling og deltid

Gjennom HTA (hovudtariffavtalen) er dei lokale partane forplikta til å drøfte likelønn kvart år på bakgrunn av tal som viser lønnsutviklinga blant anna fordelt på kjønn. Dette blir i Gloppen gjort i samanheng med drøftingar framfor lokale forhandlinger.

Etter HTA § 2.3.1 er kommunen forplikta til å arbeide for å redusere uønska deltid. Fokus på å redusere deltidsstillingar har eit klart likestillings-

perspektiv, fordi dei fleste med uønskt deltid er kvinner. Det er også eit viktig arbeid med tanke på rekruttering av gode medarbeidarar for framtida. Innføring av årsarbeidsplan, bruk av frie timer og tilsetting av faste vikarar har bidrege til å redusere tal tilsette som arbeider deltid.

Også i arbeidet med kommunen sin arbeidsgjevarstrategi er det sett fokus på mål og tiltak for å redusere uønska deltid.

## GJENNOMSNITSLØNN, ÅRSVERK OG STILLINGSPROSENT DELT PÅ KAPITTEL (ETTER HOVUDTARIFFAVTALEN) OG KJØNN FOR KOMMUNEN SINE TILSETTE

Kapittel	Kjønn	Tal tilsette	Årsverk	Snittst. %	Snittlønn
Kap 3.4.1	Kvinner	1	1,0	100	720.000
Toppleiarar	Menn	5	5,0	100	756.000
Kap 3.4.2	Kvinner	25	24,6	98,4	615.832
Einingsleiarar	Menn	6	5,5	91,67	591.480
Kap 4	Kvinner	487	371	76,18	434.700
	Menn	93	80,55	86,61	450.980
Kap 5	Kvinner	14	10,25	73,21	577.493
	Menn	12	8,9	74,17	614.592

- Kap 3.4.2: Lønn til rektorar er noko høgre enn lønn til dei andre einingsleiarane. Alle rektorane er kvinner og snittlønn for kvinner i kap 3.4.2 vert då høgre enn snittlønna for menn. Lønna til kommuneoverlegen er ikkje med i snittlønna fordi denne påverkar gjennomsnittet så mykje at tala blir misvisande.
- Kap 4: Hovudårsaka til lønnsskilnaden mellom menn og kvinner her er at mennene i snitt har høgare utdanning og stillingsnivå enn kva kvinnene i gruppa har.
- Kap 5: På kapitlet er lønn til t d legar, ingeniørar og tilsette i administrasjonen med lokalt fastsett personleg lønn. Ulikt ansvar og jobbinnhald utgjer individuelle skilnader.

## Rekruttering og kompetanse

Gjennom arbeidet med kommunen sin arbeids- gjevarstrategi er det sett fokus på mål og tiltak for å sikre framtidig rekrutterings- og kompetansebehov.

Kommunen har seniorpolitiske tiltak som skal stimulere tilsette til å stå lenger i arbeid. Frå fylte 62 år kan tilsette velje mellom tre ulike ordningar. Dei første åra var alternativet med pensjonsgjenvande lønnsauke mest brukt. Dei siste åra har alternativet med redusert arbeidstid/auka ferie vore mest aktuelt.

Kommunen er aktivt til stades på ulike karriere- messer. Målet med denne deltakinga er å få kontakt med elevar, utflytta studentar og arbeidstakrar, og halde dei oppdaterte på utviklinga i Gloppe kommune.

I 2015 kartla Gloppe kommune IKT-kunnskapen til alle tilsette i eit samarbeid med Datakortet as. Resultata viste at det er behov for IKT-opplæring i alle sektorar. Gjennom eit samarbeid med Folke- universitet fekk kommunen tildelt 650.000 kr frå

Staten (VOX) gjennom BKA-ordninga (Basis Kompetanse i Arbeidslivet) til gjennomføring av slik opplæring. Opplæringa starta opp i januar 2017, og hittil har meir enn 200 tilsette innan helse og omsorg gjennomført opplæringa. Det er planlagt fleire kurs for tilsette i dei andre sektorane.

Motiverte og kompetente medarbeidarar som opplever at dei har nødvendig kompetanse for å utføre arbeidsoppgåvene sine er ein føresetnad for å nå kommunen sine mål og yte gode tenester til innbyggjarane. Fokus på lærlingepllassar, etter- og vidareutdanning, intern opplæring/kunnskapsdeling og tverrsektorielt samarbeid er nokre av tiltaka for å nå dette målet.

Kvart år blir det invitert til samling for nytilsette, der dei få ein brei presentasjon av Gloppe kommune som organisasjon og tenesteytar. Det blir gjennomført pensjonskurs for seniorar i regi av våre pensjonsleverandørar, og det blir arrangert førstehjelpskurs og grunnkurs i HMT-arbeid i regi av BHT.

## Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Gloppe kommune har som arbeidsgjevar eit sterkt fokus på HMT-arbeidet og er oppteken av trivsel og tryggleik på arbeidsplassen. Vernetenesta er ein viktig ressurs i dette arbeidet, og kommunen legg vekt på å ha ei aktiv verneteneste.

Alle nye einingsleiarar, verneombod, medlemmer i arbeidsmiljøutvalet og andre aktuelle gjenomfører grunnkurs i arbeidsmiljø (40-timars- kurset). Andre aktuelle HMT-kurs blir arrangerte ved behov, som til dømes årlege førstehjelpskurs.

Det blir kontinuerleg arbeidd med oppdatering og fornying av HMT-arbeidet i kommunen. Kommunen har inngått avtale om bruk av Kommune- forlaget sitt elektroniske kvalitetssystem, med mellom anna HMT-handbok og avvikshandtering.

Kommunen har ei HMT-gruppe som er samansett av to frå administrasjonen med personalsjef som leiar, hovudverneombodet, ein representant frå bedriftshelsetenesta og hovudtillitsvald i Fagforbundet. Gruppa tek opp og drøftar mange ulike HMS-saker og kjem med innspel i saker som skal opp i arbeidsmiljøutvalet (AMU).

HMT-gruppa har også funksjon som sjukefrå- værsgruppe, som skal jobbe både på system- og individnivå. Gruppa skal spesifikt jobbe med å finne årsaker til sjukefråvær i einingar der sjukefråværet er høgt, førebygge og lage strategi for arbeidet med å få ned sjukefråværet på lengre sikt.

Hovudverneombodet reiser årleg ut til alle einingane. Han har då faste møte med LAGa (lokale arbeidsmiljøgrupper). Slike grupper blei oppretta i

alle verneområda i 2010 og fungerer etter kvart godt.

Kommunen er inndelt i 24 verneområde. Personalsjefen og hovudverneombodet har møte med verneomboda kvart år, der dei deler erfaringar og får ny informasjon og påfyll av ny kunnskap.

Gloppe kommune er også ei IA-bedrift. Det betyr at kommunen forpliktar seg på å støtte opp om nasjonale mål om høgt nærvær (lågt sjukefråvær), inkludering av arbeidstakrar (t.d. med redusert funksjonsevne) og auke avgangsalderen til dei tilsette. Kommunen har arbeidd fram sine eigne IA- delmål som ein del av IA-avtalen. Desse er innarbeidde i *Overordna HMT-plan*.

Som IA-bedrift har kommunen sin eigen rådgjevar frå NAV arbeidslivssenter. Dette er for tida Kåre Gimmestad.

Kommunen sin arbeidsmiljøpris blir tildelt årleg i kommunestyret. Det er AMU som bestemmer kven som skal få prisen. I 2017 var det tilsette ved servicetorget som blei heidra (sjå side 56).

### BEDRIFTSHELSETENESTE (BHT)

Alle tilsette i Gloppe kommune er tilknytte bedriftshelseteneste. I 2017 er det Kystbedriftenes Helsetjeneste som har hatt ansvar for helsetenesta i Gloppe. Dei har kontor på Sandane som er bemanna heile veka.

BHT har m.a. vore aktivt med i fornyinga av HMT-arbeidet. Dei deltek i arbeidsmiljøutvalet, HMT-gruppa og i andre aktuelle møte ved behov.

BHT utfører lovpålagt arbeidshelseundersøking, førettek kartlegging og risikovurdering etter førespurnad frå einingane, arbeidsplasskartleggingar, faktaundersøking i konfliktsaker, gjev opplæring i tenleg arbeidsteknikk og råd ved

planlegging av nye arbeidsplassar og innkjøp av nytt utstyr med meir.

Det er BHT som held grunnkurs i arbeidsmiljø (40-timarskurset). Dei arrangerer også andre kurs etter førespurnad.

## Nærværssarbeid

I 2017 har nærværet vore på 95,2 %. Dette nivået har vore stabilt dei siste tre åra.

STATISTIKK OVER EIGENMELDING OG SJUKEFRÅVÆR

	2017				2016				2015			
	Eig.m 1-24 d	Sj.m 1-16 d	Sj.m ≥17 d	Sj.m totalt	Eig.m 1-24 d	Sj.m 1-16 d	Sj.m ≥17 d	Sj.m Totalt	Eig.m 1-24 d	Sj.m 1-16 d	Sj.m ≥17 d	Sj.m totalt
Oppvekst	0,9	0,7	4,5	6,1	0,8	0,6	4,6	6,0	0,8	0,6	4,7	6,1
Helse	0,8	0,6	3,1	4,5	0,8	0,6	3,4	4,7	0,7	0,7	2,9	4,4
Andre	0,4	0,2	2,6	3,2	0,4	0,3	2,2	3,0	0,6	0,3	3,5	4,4

Det blir gjort eit godt arbeid i einingane både når det gjeld førebyggande tiltak, tilrettelegging for tilsette med fysisk/psykisk funksjonsevne og oppfølging av sjukmelde arbeidstakrar. Dette syner igjen i ein høg nærværss prosent gjennom fleire år.

HMT-gruppa har arbeidd med ulike tiltak på einingsnivå for å få ned sjukefråværet der det er mogleg. Døme på tiltak er tilbod om leiarstøtte med aktiv oppfølging frå NAV arbeidslivssenter, bedriftshelsetenesta og Frisklivsentralen. I arbeidet blir det sett fokus på tilretteleggingsplikt frå arbeidsgjevar-sida og medverknadsplikt frå arbeidstakar.

Gloppen kommune har nært samarbeid både med IA-rådgjevar i NAV og med bedriftshelsetenesta, og brukar dei aktivt i nærværssarbeid. BHT deltek i oppfølginga av sjukmelde arbeidstakrar etter behov. Dei underviser i ergonomi og løfteteknikk, gjev råd og tips om mellom anna trening og kosthald.

**Gloppen ligg betydeleg under både snittet for kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Norge totalt når det gjeld sjukefråvær.**

## Organisasjonsutvikling

**PERSONALREGELVERK – KS LOKAL PERSONALHANDBOK**  
Alt personalregelverk i kommunen er samla i *KS lokal personalhandbok*. Personalhandboka er tilgjengeleg for alle tilsette på intranettet. Alle dokumenta blir fortløpende oppdaterte ved endringar. Dette regelverket ligg også på kommunen si heimeside og ein del skjema ligg på intranettet. Reglementa var sist revidert i 2016.

### MEDARBEIDERUNDERSØKING

Våren 2017 gjennomførte kommunen ei medarbeiderundersøking. 480 tilsette svarte på undersøkinga, som gir ein svarprosent på 76 %. Resultatet for kommunen totalt syner at våre tilsette er godt fornøgd med sin eigen arbeidssituasjon og med kommunen som arbeidsgjevar. Kvar enkelt eining har hatt oppfølging i etterkant med gjennomgang av resultat og med å utvikle forbetingstiltak i eininga.

### ARBEIDSGJEVARSTRATEGI

Gloppen kommune har fleire personalpolitiske planar med behov for revisering, og det manglar planar på enkelte område. Planane må sjåast i samanheng, og dei må vere i tråd med ein overordna strategi, noko kommunen manglar per i dag. Hausten 2016 vart det difor sett ned ei arbeidsgruppe for å utarbeide ein meir heilskapleg arbeidsgjevarstrategi. Arbeidsgruppa er breitt samansett av personar frå leiinga, personalavdelinga, representantar for tilsette og ein folkevalgt. Strategien vil bli lagt ut på høyring i løpet av våren 2018.

### DIGITALISERING

Dette året har vi teke i bruk nytt saksbehandlar-system med digital utsending av brev. Vi har laga nye, elektroniske skjema betre tilpassa brukarane og saksbehandlarane. Arbeidet med å digitalisere papirarkiva våre held fram og skal vere fullført i 2018. Kommunen tok i 2017 bruk ny læringsplattform for alle elevane.

## Møte mellom leiing og tillitsvalde

### ARBEIDSMILJØUTVALET (AMU)

AMU hadde fire møte i 2017. Aktuelle tema har vore:

- Status og oppfølging av medarbeidarundersøking
- planar for gjennoppbygging av heradshuset
- tildeling av arbeidsmiljøprisen
- orientering frå hovudverneombod og bedriftshelsenesta
- sjukefråvær
- avviksmeldingar
- revisjon av HMT-dokument.

### MØTE MED TILLITSVALDE

Det har i 2017 vore halde to møte mellom kommunaleiing og organisasjonane sine hovudtillitsvalte. Tema har vore drøfting av årets lønnsoppgjer, og drøfting i samband med behov for ei justering av permisjonsreglementet

### ADMINISTRASJONSUTVALET

Administrasjonsutvalet er kommunen sitt hovudutval i personal- og organiseringsaker. Sjå oversikta over møteaktivitet i kapitlet om politisk organisering og leiing på side 8.

## Kommunen sin arbeidsmiljøpris

Arbeidsmiljøprisen for 2017 vart tildelt servicetorget, sjå side 56.

## Tiltak for arbeidsmiljøet



Frå heradshuset sin blåtur i 2017. Frå venstre Ann Mari Bjørlo, Evy Janne Berle Fjellestad, Knut Roger Nesdal, Jan-Kjetil Øygard og Åslaug Haugset. Foto: Birte Fossheim. Årets blåtur var med sykkel som framkomstmiddel, m.a. for å markere at Det grøne skiftet også gjeld Gloppen.

Aktivitetsgruppa som skal motivere og skape auka fysisk aktivitet, har vore i sving sidan 2011. Målet er betre helse og lågare sjukefråvær i kommunen, kort sagt: betre folkehelse.

Hovudaktiviteten har vore spinning ein ettermiddag i veka for alle tilsette på SPENST, der dei fleste sektorane i kommunen har vore med, og fjellturar. Også her har mange vore med.

## Kva har vi fått til i 2017?

I samfunnssdelen av kommuneplanen har vi sagt at «ein rikare kvardag – midt i verda» er vår visjon framover mot 2030. Vi har tre strategiar i arbeidet for oppfylle denne visjonen: *I forkant, rike og rause livsmiljø og næring og arbeid*. Kva har vi – i dette tilfelle kommunen – gjort i 2017 med desse strategiane? I tillegg skal rådmannen etter bustadpolitisk plan «gjere greie for kva tiltak som er gjort på bustadområdet siste året». Oppstillinga nedanfor prøver å gje ei kort oppsummering av dette:

Strategi	Tiltak i 2017
<b>I forkant</b>	<p>Planar m.m.:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Samfunnssdelen av kommuneplanen vart utarbeidd (vedteken i 2018)</li> <li>– Gloppen kommune vart godkjent som «Trygt lokalsamfunn»</li> <li>– Gloppen er tekne opp i det nasjonale velferdsteknologiprogrammet</li> <li>– Mesteparten av planarbeidet med nytt omsorgsbygg er ferdig</li> <li>– Vi gjennomførte «Ung data-undersøkinga» for første gong</li> </ul> <p>Tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Vi tilsette eigen juridisk rådgjevar og eigen prosjektleiari for kommunale investeringsprosjekt</li> <li>– Omfattande grunnopplæring på IKT er gjennomført for over 200 tilsette, hovudsakleg i helse og omsorg</li> <li>– Vi har blitt fullelektroniske på saksbehandling i kommunen sitt hovudprogram for saksbehandling og teke i bruk SvarUT</li> <li>– Vi er halvferdige med å digitalisere papirarkivet</li> <li>– Ny læringsplattform for elevane vart teke i bruk</li> <li>– Alle barnehagane er godkjende som trafikksikre barnehagar</li> <li>– Alle helsesøstrene er sertifiserte som «Circle of security»-rettleiarar</li> <li>– Elektroniske dørlås vart teke i bruk i heimetenesta</li> <li>– Frisklivssentralen har utvikla lærings- og meistringsprogram for artrose-pasientar, kne, hofte og hand (artrose er slitasjegikt eller forkalkningsgikt)</li> <li>– I oppattbygginga etter flaumen den 24. juli 2017 er det lagt vekt på å førebygge nye skadar</li> <li>– Ny veg i Selvågane fjernar eitt særleg farleg vegkryss og legg til rette for ei betre trafikkavvikling til og frå bustadfeltet i Åsen</li> <li>– Nytt røykdykkarutstyr er kjøpt inn med støtte frå Gjensidigestiftinga</li> </ul>
<b>Rike og rause livsmiljø</b>	<p>Planar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Barnehage- og skulebruksplanen vart vedteken av kommunestyret</li> <li>– Plan for samordning av tenester og opplæring for barn og unge vart vedteken av kommunestyret</li> <li>– Gloppen vart AV OG TIL-kommune (AV OG TIL set fokus på situasjonar der alkohol kan vere ein særleg risiko eller vere til blempe for andre)</li> <li>– Vi greidde å kome inn på fylkeskommunen sin prioriteringsliste for gang- og sykkelvegar for strekninga Vonheim-Fitje langs fv 615</li> </ul> <p>Tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Gloppen vart «språk-kommune», der vi har ei systematisk og heilskapleg satsing på språk, lesing og skriving frå barnehagen til vidaregåande skule</li> <li>– Vi har lagt til rette for vassboren varme i det 'nye' heradshuset</li> <li>– Ny klatrepark vart sett opp ved Breim skule</li> <li>– Ny gangveg langs Åsavegen ved Myklebustflata vart opparbeidd</li> <li>– Store deler av Trivselsskogen på Sandane er laga til</li> <li>– Fylket si første dagsturhytte er sett opp på Draumekvila i Trivselsskogen</li> <li>– Det er søkt om 38 mill. i spelemidlar til anlegg i Gloppen. Dette er rekord frå ein kommune på eitt år</li> <li>– Vi la til rette for storkonsert i Trivselhagen med Kringkastingsorkesteret. I tillegg kjem fleire store arrangement i anlegget</li> <li>– Vi busette 28 nye flyktningar</li> </ul>

Strategi	Tiltak i 2017
Næring og arbeid	<p>Planar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Plan for fiber til alle husstandane i Gloppen vart vedteken. I 2017 har vi fått tilsegn om nesten 8 mill. i statleg og fylkeskommunal støtte til utbygginga</li> </ul> <p>Tiltak m.m.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Kommunen kjøpte nye aksjar i SFE AS for vel 11,8 mill.</li> <li>– Gloppen er med i prosjektet Medicare, der fokuset er leiing i multikulturelle arbeidsfellesskap</li> <li>– Vi starta opp arbeidet med oppgradering av Byrkjelo renseanlegg for først og fremst for å legge til rette for Tine Meieriet</li> <li>– Vi har lagt til rette for sti-sykling på Vereide</li> </ul>
Bustader og bustadfelt	<p>Planar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Bustadpolitisk handlingsplan for 2017-2015 vart vedteken av kommunestyret</li> <li>– Områdereguleringsplanen for Sandane-Øyrane vart vedteken av kommunestyret</li> <li>– Evalueringsrapporten for parallelloppdraget for Sandane sentrum vart godkjent av formannskapet. Rapporten skal leggast til grunn for det vidare arbeidet med utvikling av sentrum</li> </ul> <p>Bustadfelt m.m:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Bustadfeltet i Hetlebakkane er gjort ferdig</li> <li>– Nytt bustadfelt med 19 tomter er opparbeidd i Valborgkleia</li> <li>– Avtale vart inngått med Fellesskapet Elvaneset om utbygging av bustader på Elvaneset</li> <li>– Ny kommunal veg i Selvågane legg til rette for bustadbygging i området</li> </ul> <p>Bustader:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Rådmannen har kjøpt to husvære på Byrkjelo, eitt husvære i Hovden på Reed og eitt bustadhus i Valborgkleiva</li> <li>– Tomt til nye bustader på Øyrane vart innkjøpt</li> <li>– Myklebustunet på Kleivedammen vart teke i bruk med fire kommunale husvære (pluss ein til personalet) og seks privateigde husvære med kommunal tildelingsrett</li> <li>– Avtale med Andor Hovden vart inngått for ombygging av den tidlegare Firda Billag-garasjen i Hyen til bustadformål</li> </ul>

## Tenesteområda

Rekneskapstala som er presenterte i dette kapitlet følgjer den sektorinndelinga for hovudutvala, der formannskapet også blir behandla som eit hovudutval.

### Hovudtal for 2017

Utvalsområde	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Forbruk i %
Formannskapet	29 156 025	29 490 315	98,87
Oppvekstutvalet	142 682 602	132 868 266	107,39
Helse- og omsorgsutvalet	172 039 701	168 981 985	101,81
MULTEK-utvalet teknisk sektor	30 230 193	27 160 176	111,30
MULTEK-utvalet kultursektoren	16 497 355	16 492 758	100,03
Sum hovudutval	390 605 876	374 993 500	104,16
Sum finansiering	-393 865 980	-374 993 500	
Overskot (mindreforbruk)	3 260 104		-

Tabellen viser eit rekneskapsmessig overskot i 2017 på vel 3,2 mill.

### Formannskapet

#### Ressursinnsats

##### RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

	Rekneskap	Budsjett	Forbruk	Rekneskap
	2017	2017	I %	2016
Politisk styring	2 735 738	2 700 721	101	2 610 800
Kontroll og revisjon	863 526	954 650	90	892 856
Administrativ leiring	5 518 431	5 600 130	99	5 385 163
Økonomiavdeling	3 945 184	3 937 509	100	4 214 505
Servicetorg	1 913 378	1 783 115	107	2 391 352
Felles IT - drift	4 312 828	4 710 963	92	4 791 095
Skatteoppkrevjing	1 110 770	1 142 481	97	955 712
Arkivtenesta	1 787 561	1 502 516	119	1 614 920
Personalkontor	1 489 644	1 641 118	91	1 519 185
Anna felles drift	3 384 270	2 505 829	135	2 422 231
Diverse fellesutgifter	858 184	789 240	109	158 427
Råd, rettleiling og sosialt førebyggande arbeid	7 932	5 000	159	-7 781
Kommunalt disponerte boligar	-122 186	80 000	-153	53 347
Etablering og oppretth av eige bolig	687 392	582 929	118	-108 017
Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde	-956 250	10 000	-9563	21 450
Behandling av plansaker	1 453 868	1 364 114	107	0
Tilrettelegging/og hjelp for næringslivet	0	0	0	408 752
Samferdslebedrifter/transporttiltak	165 756	180 000	92	208 012
<b>TOTALT</b>	<b>29 156 025</b>	<b>29 490 315</b>	<b>99</b>	<b>27 532 006</b>

- er lik mindreforbruk.

Samla sett viser rekneskapen eit underforbruk på om lag 350.000 kroner. Største avvika i kroner frå budsjettet er på tenestene «anna felles drift» og «tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde». Overskridiane på anna felles drift skuldast m.a. utkjøp av leasingavtalar på kopimaskiner etter brannen på heradshuset, som vi ikkje har fått forsikringsselskapet til å dekke. Overskotet på tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde er etterbetaling av tilskot på breibandutbygginga i 2016.

### Kort om året 2017

I heile 2017 har kommuneadministrasjonen halde til i leide lokale på Søreide i påvente av at herads-huset blir sett i stand etter brannen i 2016. Alt i alt har dette gått greitt, men lokala på Søreide er ikke godt eigna til kommunestyremøte. Her har vi derfor reist rundt, og vore både på folkehøgskulen, i Hyen, på ungdomsskulen og i Sandane kyrkje.

For publikum og dei som har ærend på kommunehuset, er sjølv sagt ikkje Søreide noko god plassering verken for ordføraren eller administrasjonen.

### Ein rikare kvar dag – midt i verda

er visjonen i kommuneplanen, som vart vedteken på nyåret i 2018. Planarbeidet vart likevel utført i 2017. Dette året har på mange måtar vore eit planår. Utanom kommuneplanen har vi fått på plass barnehage- og skulebruksplanen, plan for samordning av tenester og opplæring til barn og unge, bustad-politisk handlingsplan, hovudplan for veg og trafikk-trygging, kommunedelplan for ferjefri kryssing mellom Anda og Lote, strategiplan for spesielle miljø-tiltak i landbruket, breibandplan for Gloppe og områdereguleringsplan for Sandane, sentrum-Øyrane.

Det såkalla parallelloppdraget for Sandane sentrum har fått mykje merksemd i 2017, og sett Gloppe på kartet når det gjeld sentrumsutvikling. Parallelloppdraget, med fokus på Sandane som ein attraktiv og berekraftig fjordlandsby, skal leggast til grunn for den framtidige utviklinga av kommunenesenteret vårt. Arbeidet med ny områdereguleringsplan er godt i gang og det same er arbeidet med å endre fartsgrenser og køyremønster.

Mykje arbeid har også vore lagt ned for å kome vidare med gang- og sykkelveg langs fv 615 frå Sandane og sørover. I 2017 greidde vi å få dette prosjektet inn på fylkeskommunen si prioritieringsliste.

Her må også den nye vegen i Selvågane, frå Åsavegen til fv. 615 takast med. Vegen stod klar på slutten av 2017. Med denne vegen fekk vi stengt den farlege påkøyrla til fv 615 ved tidl. Sundebakken og teke vekk mykje av trafikken i det dårlige krysset Åsavegen-fv 615 ved Vonheim.

### Stortingsvalet 2017

var det sjølv sagt knytt stor spenning til. Sidan heradshuset heller ikke kunne brukast til vallokale, brukte vi STIL-stova som lokale for Sandane krins. Vi hadde også utvida tilbod til førehandsrøysting.

Deltakinga ved valet i 2107 var i Gloppe 82,6 %. Dette er litt høgare enn i 2013, då 82,2 % røysta og ein god del høgare enn i 2009, då valdeltakinga var 78,5 %. Det er særleg talet på førehandsrøyster som aukar – frå 697 i 2009 til 1.128 i 2017.

Endringane vi har gjort både i røystekrinsar og røystelokale har ikkje hatt negativ innverknad på valdeltakinga.

### Endringar i 2017

2017 var første året med felles skatteoppkrevjar for Gloppe og Eid, der Eid er vertskommune. Initiativet til felles skatteoppkrevjar kom frå skatteoppkrevjaren i Gloppe. Samarbeidet med Eid har vore svært vellukka.

### Fiberutbygging

I februar 2017 vedtok kommunestyret breibandplan for Gloppe. Målet i denne planen er at alle innbyggjarane i kommunen skal ha tilgang til breiband med god kvalitet (som oftast fiber) innan utgangen av 2019. Basert på denne planen sökte kommunen staten (NKOM) og fylkeskommunen om støtte til å byggje ut breiband til dei delane av kommunen som ikkje alt har eller har inngått avtale om slik utbygging. Gloppe fekk dei midlane vi sökte om 6.694.800 kr frå staten og 1.286.212 kr frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til saman 7.981.012 kr. Dette medfører at kommunen får 100%-breiband-dekning innan 1. januar 2020 slik målet i breibandplanen er.

Status for dei prosjekta som er finansiert er slik: Utbygginga som skulle vore ferdig på Breim til årsskiftet 2017/18 er ikkje fullført. Ny dato for fullføring blir mai 2018. Utbyggingsprosjekta i Sørstranda/Bukta og Hope/Straume/Aa/Holme skal fullførast innan årsskiftet 2018/19. Begge prosjekta er starta opp og følgjer framdriftsplanen.

### Interkommunalt samarbeid

Arbeidet med kommunereforma i 2016 konkluderte med at Gloppe held fram som eigen kommune. Slik vart situasjonen også i Stryn, medan dei andre kommunane i Nordfjord, minus Bremanger, kom i gang med sine samanslåingsprosjekt.

Denne situasjonen har sjølv sagt prega det interkommunale samarbeidet i 2017. Gloppe har halde fram som sekretariat for Nordfjordrådet, og vår ordførar har leia rådet mesteparten av året. Trass i at dei fleste kommunane har vore optekne med sine samanslåingar, har vi greidd å få på plass dagleg leiari for Nordfjordsamarbeidet, med Gloppe som vertskommune. Den nye daglege leiaren blir Roger Aa Djupvik, som tar til i stillinga 1. mai 2018. Vi har også fått vedteke ny organisering av IT-samarbeidet i Nordfjord og etablert IKT Nordfjord, med Eid og Vågsøy kommunar som kontorkommunar. Arbeidsfordelinga er slik: Eid kommune er vertskommune for leiing og strategi medan Vågsøy er vertskommune for drifta.

I tillegg til dette har vi så smått starta drøftingane om eit nærrare samarbeid med Stryn kommune, men vi er ikkje komne så langt at noko konkret er avtala.

### Vanskeleg budsjettprosess

Arbeidet med 2018-budsjettet vil nok bli hugsa som arbeidsamt og krevjande. Vi kom ikkje i mål innan fristen – som er årsskiftet – utan å bruke alt for mykje av disposisjonsfondet. Ein ny budsjettrunde vart derfor sett i gang og gjennomført på nyåret 2018.

Budsjettarbeidet for 2018 var vanskeleg også for nabokommunane våre. Det blir derfor feil å seie at kommunenesamanslåing er løysinga på dei økonomiske utfordringane.

Vi står fram for store investeringar dei nærmaste åra. Desse er det brei politisk semje om. Det er derfor nødvendig å halde ei stram linje på drifta for å skaffe oss armlag til investeringane og dei utgiftene desse fører med seg.

Det er ikkje aktuelt å vidareføre budsjettprosessen frå 2017/2018 til seinare år.


## Investeringar i 2017

Den største investeringa i 2017 på formannskapet sitt ansvarsområde var aksjekjøpet i SFE på vel 11,8 mill. Av dette er vel 6,1 mill. dekka av fondsmidlar i 2017 slik at det står att å dekke inn nesten 5,7 mill. i 2016. Vi har ikkje høve til å lånefinansiere aksjekjøp.

Som ein god nummer to på investeringslista kjem istandsetting av Gloppe heradshus etter brannen i 2016. Kostnaden med oppattbygginga blir dekka av forsikringa i den delen av bygget som vart skada av brannen og sløkkinga. Slik det no ser ut,

blir kostnadsdelinga mellom kommunen og forsikringsskapet om lag 60/40. Arbeidet blir gjort ferdig i 2018. I 2017 var den kommunale investeringa vel 5,4 mill., medrekna ein god million i momsrefusjon.

Om lag same beløpet, 5,4 mill., er brukt på ulike IT-tiltak: oppgradering av saksbehandlingsprogrammet (0,9 mill.), digitalisering av eigedomsarkivet (0,6 mill.), investeringar i Nordfjordnett (1,9 mill.) og oppgradering av IT-utstyr (2,0 mill.).



*Vi trur på ei framtid der distrikta ikkje er ein utkant... (frå side 4 og 5 i kommuneplanen sin samfunnsdel).*

## Oppvekstutvalet

### Ressursinnsats

#### RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Forbruk I %	Rekneskap 2016
Førskule	42 203 516	36 361 116	116	39 152 988
Grunnskule	73 572 698	72 646 317	101	68 712 108
Styrka tilbod til førskulebarn	5 220 270	5 883 277	89	6 480 067
Vaksenopplæring	764 550	3 332 335	23	1 540 105
Skulefritidstilbod	1 391 776	1 219 597	114	959 026
Førskulelokale og skyss	280	0	0	22 219
Skulelokale	2 676 800	3 212 160	83	3 167 696
Skuleskyss	2 613 567	2 850 000	92	2 747 035
Førebygging, helsestasjons- og skulehelseteneste	3 348 556	4 029 470	83	3 724 839
Barneverntenesta	2 095 656	2 394 650	88	2 099 948
Barneverntiltak i familien	1 339 969	902 759	148	1 033 061
Barneverntiltak utanfor familien	7 454 964	-93 520	-7972	3 852 687
Interkommunale samarbeid (§ 27 samarbeid)	0	130 105	0	-11 198
<b>TOTALT</b>	<b>142 682 602</b>	<b>132 868 266</b>	<b>107</b>	<b>133 480 581</b>

- er lik mindreforbruk.

Samla sett gjekk sektoren med 9,7 mill. i minus i høve budsjett. 5,7 mill. er knytt til driftstilskotet til dei private barnehagane som har vore underbudsjettert over år. På barnevernstiltak utanfor familien er det nesten 7,5 mill. i meirforbruk i høve budsjett. Desse to postane utgjer 13,2 mill. i minus, noko som gjev eit mindreforbruk i resten av sektoren på 3,5 mill.

#### Førskule

Det er drifta av kommunale barnehagar og driftstilskot til dei private barnehagane. Området har eit stor overforbruk i høve budsjett. Det skuldast underbudsjettering på kommunalt tilskot til dei private barnehagane. Dei kommunale barnehagane var samla sett innanfor sitt budsjett på tross av litt overkapasitet i Breim barnehage på hausten 2017.

#### Grunnskule

Grunnskulane var samla sett innanfor sine budsjett, med eit overforbruk på den delen som ligg på felles ansvar under oppvekstsjefen.

#### Styrka tilbod til førskuleborn

Området omhandlar ressursar til dei som treng ekstra hjelpe og støtte i barnehagane både dei kommunale og private. Her var det samla eit mindreforbruk i høve budsjett, noko skuldast fakturering som fell på 2018 budsjettet.

#### Vaksenopplæring

Området er drifta av Gloppen opplæringssenter (GOS). Her skuldast underforbruket etterfakturering av tilskot frå Jølster kommune til norskopplæringa for

flyktningmottaket på Skei. Vi har fått betaling for 1,5 år på 2017.

#### Skulefritidstilbod (SFO)

Det er SFO på Nordstranda, Sandane og Breim. Meirforbruket her skuldast underbudsjettering på Sandane skule. Det er av og til vanskeleg å skilje mellom assistentbruk på skulen og SFO her i budsjettering. Samla sett er Sandane skule innanfor sitt budsjett.

#### Skulelokale

Området her er kostnaden med Trivselshagen for oppvekst sin bruk av anlegget. Det var noko mindre enn budsjettert.

#### Skuleskyss

Det er kommunen sin del av skuleskyssen, både for dei som får skyss fordi vi har definert skulevegen som farleg, og den satsen som vi betalar for alle som har skuleskyss uavhengig av avstand til skulen.

#### Førebygging, helsestasjons- og skulehelseteneste

Mindreforbruket her skuldast at det ikkje lukkast å setje inn vikar ved noko sjukefråvær og prosjektstilling som ligg til helsestasjon.

### Barnevern

Området er delt i tre. Sjølve barnevernstenesta som omfattar sakshandsamarstillingane, barnevernstiltak i familien som er tiltak i familiene etter vedtak. Siste området er barnevernstiltak utanfor familien som mellom anna omfattar drifta av «Annekset» som er butiltak for einsleg mindreårige flyktningar og foster-

heimar. Her ser tala därlege ut, noko som i hovudsak skuldast korleis det teknisk er budsjettet og ført i rekneskapen i høve drifta av Annekset. Inntektene er ført på finansieringsområdet (ansvar 9000), noko dei ikkje var tidlegare år. Vi har her byrja ei nedbemaning med tanke på færre einslege mindreårige flyktningar.

### Kort om 2017

#### Språkkommune

Gloppen kommune vart i 2017 språkkommune som er ein del av satsinga til Utdanningsdirektoratet. Vi har fått i overkant av 0,7 mill. til denne satsinga som er felles med resten av Nordfjord. Vi har ein prosjekt-leiar i Nordfjord som Gloppen har arbeidsgjevar-ansvar for. Lokalt har vi ei styringsgruppe som er leiar av Hilde Nødset på PPT. Satsinga er både i barnehage og skule og har fokus på tidleg innsats og overgangar. Vi prøver å sjå heile løpet frå liten til stor og utvikle samarbeidet på tvers.

#### Gloppen opplæringssenter



Ordføraren på GOS med refleksvestar til elevane.  
Foto: Sonja Jordanger Loen.

May-Britt Kjærland Indrebø vart tilsett som inspektør på GOS etter Aage Føleide som vart pensjonist i 2017. Vi inngjekk samarbeid med Firda vgs. om eksamensretta grunnskuleopplæring (GMU) for skuleåret 2017/2018. Klassen er lokalisiert på Firda vgs., medan lærarressursane er delte mellom Firda og GOS.

GOS arrangerte kveldskurs i norsk på våren 2017. Internasjonal fest vart arrangert i april. GOS har arbeidd seg god kompetanse på å realkompetansevurdere kandidatar og får førespurnader frå fleire kommunar på dette.

Grunnskuleopplæring til einsleg mindreårige flyktningar som GOS har hatt på oppdrag frå Jølster kommune vart avslutta november 2017. Det har ført til kutt i klassetal og lærarstillingar. Ordføraren har

vore innom GOS med refleksvestar til alle i samband med refleksaksjonen.

#### Barnehagane

Det var i utgangspunktet god tilgang til barnehage-plassar, men därlegare samsvar mellom kvar foreldra sine ønske og kvar dei er lokalisert. Det har skapt utfordringar for foreldre og kommune.

Barnehagane har halde fram arbeidet med beste praksis og det kreative leikerommet som fokusområde. Det har vore gjennomført opplæring av nye ped.leiarar/styrarar i Nordfjord i programmet.

Alle barnehagane i Gloppen vart sertifiserte som trafikksikre barnehagar i 2017, med felles markering 8. mai i Sandane sentrum og på Idrettsplassen. Mona barnehage var med på opninga av Grillhytta på Myra i Åsen som ligg i nærområdet og som barnehagen er storbrukar av.

#### Skulane

På **Gloppen ungdomsskule (GU)** var det eit stort kull som byrja hausten 2017 som resulterte i fire parallellear i 8. klasse og samla sett fleire elevar enn det som var prognosane for nokre år sidan.

Elevane på GU vann fylkesfinalen i klassequiz. Trivselen er god, men elevane har store utfordringar med sine digitale antenner og mediebruk. Elevane på GU samla inn pengar til Haiti og Zambia til støtte for utdanning der. Eit godt foreldresamarbeid som resulterte både i overnattingsturar og andre tradisjonsrike arrangement.

**Breim skule** hadde klar klatreparken sin rett før sommaren 2017 med offisiell opning på første skuledag etter ferien. Det vert eit flott aktivitetstilbod i friminutter på skulen og for aktivitet på kveldstid.

I høve **Hyen skule** har det vore jobba mykje med planlegging og prosjektering av idrettsbygget og planlegging av skulen, slik at vi har gode grunnlag for å ta avgjerdar i 2018 på investeringar. På **Sandane skule** vart det bygt om delar av eit lokale slik at vi fekk laga til eit klasserom ekstra som var klart til skulestart 2017.

Vi hadde hausten 2017 ei runde saman med fylkeskommunen og såg på uteområda på skulane med tanke på mogelegheiter for tippe midlar, her var både elevar, foreldre og skule involverte.



Frå Putti Plutti Pott førestillinga på Nordstranda skule. Foto: Elisabeth Sunde Andenæs.

## Statistikk og tendensar

Det vart i 2017 laga ei eiga oppvekstmelding som tek for seg alle områda innanfor oppvekst. Detaljert statistikk vert difor ikkje gjeve att her. Oppvekstmeldinga vart vedteken i kommunestyresak 49/17.

## Personalområdet 2017

Thor Horntvedt gjekk av med pensjon som rektor på Nordstranda skule frå 31. juli. Elisabeth Sunde Andenæs vart tilsett som rektor på Nordstranda skule frå 1. august. Gerd Ynnesdal vart fast tilsett som barnevernsleiar frå 1. august 2017.



Elisabeth Sunde Andenæs vart tilsett som rektor ved Nordstranda skule 1. august 2017. Foto: Privat.



Gerd Ynnesdal vart fast tilsett som barnevernsleiar 1. august 2017. Foto: Privat.



Thor Horntvedt gjekk av med pensjon som rektor ved Nordstranda skule 31. juli 2017. Foto: Inger Lise Engelstad.

## Investeringar i 2017

IKT-investeringane har halde fram. Vi har kjøpt inn 20 berbare PC ar til tilsette, 50 berbare PC ar til elevar og 30 iPadar. Det er også kjøpt inn nokre elektroniske

tavler som erstatning for gamle tavler og nokre der vi ikkje hadde frå før. Investeringane har gått til både

## Årsmelding for 2017

skule og barnehage. Det er framleis stort behov for investeringar på IKT-området i sektoren.

Rehabilitering og nybygg ved Gloppe ungdomsskule vart i praksis fullført i 2016 og det meste vart

teke i bruk til skulestart i 2016, men den offisielle opninga var 11. mai 2017.

### Utvikling over tid

#### GJENNOMSNITTELEG TOTALKOSTNAD PER ELEV I GRUNNSKULEN

Indikator og nøkkeltall	2012	2013	2014	2015	2016
Driftsutgifter per elev >	97 879	103 058	110 403	113 331	121 173
Lønnsutgifter per elev	70 418	74 872	79 347	83 483	88 619
Prosentandel lønnsutgifter av totale utgifter	72,7	73,1	73,3	76,1	77,1
Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev	420	428	404	329	280
Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev	1 440	1 685	1 638	1 703	2 114

Gloppe kommune, Grunnskole, Økonomi, Alle eierformer, Alle trinn, Begge kjønn

Kjelde Skoleporten.

#### KOSTNAD PER BARN I BARNEHAGEN

	2017	2016	2015	2014	2013
Netto driftsutgift <sup>1</sup>	167 606	161 493	141 210	140 380	113 940
Talet på barn i kommunale barnehagar	160	158	158	176	169
Talet på barn i alle barnehagar	301	289	282	286	295
Kostnad per barn <sup>2</sup>	196 886	188 150	178 173	174 559	163 744

<sup>1</sup> Tal frå KOSTRA (Netto driftsutgifter til barnehage per innbyggjar 1-5 år)

<sup>2</sup> Tal frå KOSTRA (korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage).

### PPT

PPT er samlokalisert med barnevern og helsestasjon. Tilhøva ligg såleis godt til rette for eit tett samarbeid på ulike område. Kontorressursen på PPT er litt redusert på slutten av 2017 på grunn av pensjon. Ein tilsett er byrja på vidareutdanning som logoped i 2017.

Tal saker har vore aukande med totalt 249 saker barnehage og skuleåret 2016/17. Utfordringa er lang

ventetid i periodar på utgreiing og sakkunnig tilråding. Det er laga plan for mottak og oppfølging av minoritetsspråklege barn i barnehagen i 2017. PPT hadde ei sentral rolle i utforming av planen, saman med barnehagane.

### Helsestasjonen

Helsestasjonen har fått auka opp helsesøsterresursen med 100 % stilling. Alle fem helsesøstre er no sertifiserte «Circle of security» (Tryggleiksirkelen) rettleiarar. Tryggleikssirkelkurset er eit familiertleiliingsprogram som skal hjelpe til å skape tryggleik og gode relasjoner mellom barn og foreldre. Alle foreldre til barn fødd i 2017 har fått invitasjon til å delta i foreldrerettleiliingsgruppe og vi vi har hatt COS-kurs både vår og haust dette året.

Helsestasjonen har hatt samarbeidsmøte med Helse Førde. Vi held fram med den etablerte ordninga med barselopphold på God Start på Nordfjord Sjukehus, og samarbeid om kjøp av jordmorteneste i 30 % stilling som no.

Vi har hatt godt samarbeid med familievernkontoret på Eid i samarbeidsprosjektet «Ein god barndom varer livet ut», der målet er å nå tidlegast mogleg par med små barn og fremje godt samliv og styrke barn sine oppvekstvilkår. Terapeutar frå familievernet har vore på helsestasjonen annankvar torsdag og helsestasjonen har rekruttert par med behov for samtaler med dei. I tillegg har ein av terapeutane frå familievernkontoret vore saman med helsesøster på 8 månaders gruppe på helsestasjonen med temaet «småbarnsforeldre og parforholdet».

Helsestasjonen og Familiekontoret på Eid var i oktober vertskommune for prosjektsamling på Gloppe hotell. Der møttest dei fem regionane som

er med i prosjektet og oppdragsgjevarane fra Barne-, ungdom-, og familieliderekoratet og Helsedirektoratet.

På helsestasjonen arbeider vi vidare for å bli godkjent som «ammekyndig helsestasjon», i det ligg det mange arbeidskrav og krav om opplæring og kompetanseheving.

Fysioterapeut er med helsesøster på firemånedersgruppa på helsestasjonen og rettleier foreldra i temaet motorisk utvikling. I tillegg har vi i år starta opp med individuell motorisk screening av alle fem månader gamle babyar, utført av fysioterapeut på helsestasjonen.

I år, som tidlegare år, har vi hatt fast vekedag med lege på helsestasjonen, i skulehelsetenesta og på helsestasjon for ungdom.

Med aukaressurs i tenesta har vi også kunne tilby meir skulehelsetenesta. Vi har hatt faste dagar kvar vike på Sandane skule og annakvar vike på dei andre barneskulanane. To dagar på ungdomstrinnet og styrka skulehelsetenesta på Firda vidaregåande skule. Helsestasjons- og skulehelsetenesta har hatt program for oppfølging av overvekt og fedme. Tilbydd BRA MAT

kurs og aktivitetsgruppa AKTIV UNG i samarbeid med frisklivsentralen.

SMISO (Senter mot incest og seksuelle overgrep) har i samarbeid med Gloppe-skulanane og skulehelsetenesta i år hatt undervisningsopplegg i alle 6. klassene i kommunen. Dette året har skulehelsesøster delteke på foreldremøte i alle 1. klassene.

Helsestasjon for ungdom har vore mykje besøkt. Helsesøstrene har etterutdanna seg og blitt sertifiserte i LARC (langtidsverkande prevensjon), og har starta opp å sette P-stav til unge jenter på helsestasjon for ungdom.

Gloppe helsestasjon har god vaksinasjonsdekning i barnevaksinasjonsprogrammet. I tillegg har vi i samarbeid med smittevernlegen gitt tilbod til mange vaksne flyktningar om innhenting- og fullvaksinering. Vi har også vaksinert mange kvinner fødde i 1991 og seinare med HPV-vaksine, tilbodet som er gratis til målgruppa og som varer i to år.

Helsesøster på helsestasjonen har dette året hatt permisjon i 50 % stilling for å lede BTI (Betre tverrfagleg innsats)-prosjektet i Gloppe kommunen.

**Fødselstala** dei siste 10 åra henta frå helsestasjonen sine fødselsmeldingar og flyttemeldingar:

	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007
Nyfødde	67	59	60	67	48	70	57	67	63	72	58

## Barnevernet

Gerd Ynnesdal vart fast tilsett som barnevernsleiar sommaren 2017. Etter litt redusert kapasitet våren 2017, var vi i normal drift frå hausten 2017 på sakshandsamingssida.

Vi driftar eit interkommunalt heimebasert tiltaksteam i saman med Eid og Stryn. Eid har no trekt seg ut av det samarbeidet frå årsskiftet 2018. Frå 1.

april 2017 kom felles akuttberedskap for Gloppe, Stryn og Eid på plass. Det har fungert godt så langt.

Annekset – butiltak for einslege mindreårige – har i 2017 hatt fire til fem ungdommar buande. Trenden er eit redusert behov for busettinga av einslege mindreårige på landsbasis.

Statistikk frå barneverntenesta	2017	2016	2015
Mottekne meldingar	33	32	34
Vekklagde meldingar	4	5	9
Undersøkingar	29	30	25
Lagde vekk etter undersøking	14	13	7
Plasseringar (etter barnevernslova)	5	9	12
Omsorgstiltak einsleg mindreårige	5	6	8

## Helse- og omsorgsutvalet

### Ressursinnsats

#### RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Forbruk i %	Rekneskap 2016
Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste	181 300	170 809	106	175 182
Anna førebyggande helsearbeid	572 821	619 671	92	3 000
Aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma	7 274 538	8 275 936	87	6 617 607
Diagnose, behandling og re/habilitering	13 284 770	14 712 171	90	14 848 208
Råd, rettleiing og sosialt førebyggande arbeid	4 847 466	5 077 198	95	4 526 736
Tilbod til personar med rusproblem	18 500	20 000	93	118 942
Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon	23 002 032	22 037 035	104	21 354 052
Pleie, omsorg og hjelp i heimen	108 499 666	102 690 998	106	101 860 963
Akutt hjelp, helse- og omsorgstenester	823 346	1 823 824	45	1 369 262
Kommunalt disponerte bustader	427 581	350 000	122	677 737
Kommunale sysselsetjingstiltak	1 578 464	1 500 000	105	1 274 867
Introduksjonsordninga	7 410 523	7 610 964	97	5 953 333
Kvalifiseringsprogrammet	215 477	593 379	36	397 068
Ytelse til livsopphold	3 903 217	3 500 000	112	3 204 475
<b>TOTALT</b>	<b>172 039 701</b>	<b>168 981 985</b>	<b>102</b>	<b>162 381 432</b>

- er lik mindreforbruk.

#### Anna førebyggjande helsearbeid

Eit lite underforbruk på 8 % (50.000), som skuldast kort tid med vakanse grunna vikarmangel i fysio- og ergoterapitenesta.

#### Aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma

Årsaka til underforbruket på 13 % (1 mill.) er at utgifter og inntekter på det kommunale kjøkkenet er budsjettet på 23400 (aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma), men nokre av utgiftene skal utgiftsførast på 25300 (institusjonstenester). For å slepe mykje ekstra arbeid gjennom heile året blir kjøkkenet budsjettet under eitt og så splitta på dei to tenestene, 25 % (25300-institusjon) 75 % (23400-støttetenester) i rekneskapet.

Når dette er korrigert ved årsavslutninga, viser det eit underforbruk på teneste 23400 og eit overforbruk på teneste 25300. Drifta ved kjøkkenet hadde eit underforbruk på kr 200.000. I tillegg har vi eit underforbruk i eininga psykisk helse på kr 400.000.

#### Diagnose, behandling og re/habilitering

Eit underforbruket på 10 % (1,45 mill.). På legesenteret er årsaka til dette høgre inntekter frå arbeidet til turnuslegar enn budsjettet, litt høgre brukarbeting enn budsjettet, samt eit lite underforbruk på nokre postar. I fysio- og ergoterapitenesta skuldast dette høgre inntekter enn budsjettet grunna refusjonar, vakansar og mangel på vikarar deler av året, samt vikarutgifter som er lågare enn dei ordinære lønnsutgiftene.

#### Råd og rettleiing og sosialt førebyggande arbeid

Eit mindreforbruk på 5 % (230.000). Årsaka til dette er at vi gjekk tre månader med vakanse, samt sjuke-lønnsrefusjon som vi ikkje hadde budsjettert med.

#### Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon

Vi har eit overforbruk på 4 % (1 mill.). Dette skuldast budsjettering og rekneskapsføring av utgifter og inntekter på kjøkkenet som også er kommentert under aktivisering og støttetenester til eldre og funksjonshemma. I tillegg har vi ført refusjonane til ressurs-krevjande tenester knytt til denne tenesta på 25400 (pleie, omsorg og hjelp i heimen). Dette er ei feilføring.

#### Pleie, omsorg og hjelp i heimen

Eit overforbruk på 6 %, (6 mill.) som har fleire årsaker. Sandane heimeteneste har ein hatt eit så stort press på tenestene at vi har måtte bemanna opp store delar av året. Dette har vore nødvendig for å kunne yte fagleg forsvarlege tenester, hindre overbelastning for personalet og førebygge sjukmeldingar. Dette skuldast delvis mangel på heildøgnsbemanna omsorgsbustader som har medført at vi har måtte bemanna opp nokre av bukollektiva våre, samt fleire og dårlegare pasientar som har rett til tenester i eigen heim.

I Miljøarbeiderenesta starta vi i løpet av året opp med tenester til brukarar som hadde store behov for tenester og som vi ikkje kjende til ved starten av året då vi budsjetterte. På Oreteigen skuldast meirforbruket i hovudsak utgifter knytt til læringer som vert

kompensert økonomisk i 2018. Også på Gotatoppen har vi eit overforbruk som skuldast behov for ekstra bemanning i periodar for å yte fagleg forsvarlege tenester og ta i vare dei tilsette i eininga. Samla sett fekk vi 1. mill. meir i refusjon for ressurskrevjande tenester enn budsjettet.

#### Akutt hjelp, helse- og omsorgstenester

Underforbruket på 55 % (1 mill.) skuldast utbetaling av tilskot til KAD frå Helse Førde. Dette skulle vore utbetalte til kommunen i 2014. I tillegg har ein eit lite underforbruk på lønn som handlar om føring av utgifter mellom tenester på Gloppe omsorgssenter 1. etasje.

#### Kommunalt disponerte bustader

Eit meirforbruk på 22 % (80.000). Midlane går til innkjøp av innbu og utstyr i samband med busetjing av flyktningar. Utgiftene speglar kor mange flyktningar vi har teke imot og om det er familiar eller einslege vi skal busetje.

#### Kommunale sysselsetjingstiltak

Eit meirforbruk på 15 % (80.000). Årsaka er at Gloppe kommune har hatt to fleire elevar i helsefag-

klassene for framandspråklige enn vi i utgangspunktet hadde budsjettet med.

#### Introduksjonsordninga

Eit underforbruk på 3 % (200.000). Totalt var 59 deltarar i introduksjonsprogrammet for nyttilkomne flyktningar i løpet av 2017. Talet speglar kor mange flyktningar vi busette i åra 2015-2017.

#### Kvalifiseringsprogrammet

Eit stort mindreforbruk på 64 % (380.000). Vi hadde budsjettet med 3 deltarar heile året, men berre 2 personar hadde behov for å nytte seg av tiltaket heile/deler av året.


#### Yting til livsopphold

Eit meirforbruk på 12 % (400.000). Det er vanskeleg å budsjetttere utgifter til økonomisk sosialhjelp då mange faktorar spelar inn på behovet, samt at uforutsatte ting kan oppstå i løpet av eit budsjettår. Talet mottakarar av økonomisk sosialhjelp har over mange år vore stabilt, og i 2017 fekk 106 personar innvilga denne ytinga.

### Investeringar m.m. i 2017

Det var ingen spesielle investeringar i helse og omsorg i 2017.

### Gjennomgang av Kostra-tal for helse- og omsorgssektoren



Tabellen viser befolkningssamansetninga samanlikna med andre. Tala viser korleis vi ligg an i forhold til snittet i landet.

I august 2017 hadde vi ein gjennomgang av Kostra-tal for sektoren. Den viste at vi har eit høgt behov for pleie- og omsorgstenester og lave kostnader. Vi har eit antatt større behov for pleie- og omsorgstenester som er 37 % over landsgjennomsnittet. Dette heng saman med befolkningssamsetninga med mange

eldre og mange innbyggjarar med psykisk utviklingshemming, samt geografiske utfordringar.

Når vi har korrigert for behov viser tala at utgiftene til pleie og omsorg er lavare enn gjennomsnittet for Kostra-gruppe 11 som det er naturleg å samlikne seg med.

### Spesielle hendingar i 2017

#### Velferdsteknologi - Gloppe fyrst i Sogn og Fjordane med å prøve ut elektronisk dørlås i heimetenesta

Gloppe har arbeidd med velferdsteknologi (VT) sidan 2015 og målet er å ta i bruk VT som ein del av tenestene i helse og omsorg. Vi er med i Fylkesprosjektet i Sogn og Fjordane der kommunane har prøvd ut kvar sine teknologiar og delt erfaringane med kvarandre og resten av fylket.

Gloppe deltok med elektronisk medisineringsdosett og har vore aktive i brukarinvolvering/informasjon ut om VT. I juni 2017 vart vi tekne opp i det nasjonale velferdsteknologi-programmet og skal ta i bruk digitalt tilsyn. Det betyr ulike varslingsmatter, døralarmar, brannvarsling og elektronisk medisineringsdosett, alle med direkte varsling til Alarmsentralen i Sogn og fjordane.



*Elektronisk dørlås. Frå venstre: Tor Teigland frå Sætren installasjon, Oddrun Ommedal og Leif-Petter Solli. Foto: Bente Sundal.*

Gloppe kommune har lagt vekt på å samarbeide med lokale bedrifter, og fleire bedrifter på Sandane var med oss på opne møte om framtidas omsorg for personar 60+ som vi gjennomførte i 2016.

Helsedirektoratet oppfordrar kommunane til å ta i bruk blant anna elektronisk dørlås fordi det kan effektivisere arbeidet til heimetenesta og fordi ein kan unngå unødig tidsbruk ved utløyste alarmar då

ein slepp å køyre innom kontoret for å hente nøkkelen. Det er også tryggare for brukaren sidan ingen fysiske nøklar kan forsvinne. Sætren installasjon i Måløy forhandlar e-låsar frå Bekey som kjem frå Danmark og er utprøvd andre plassar i Noreg. Vi gjorde avtale med dei om å teste Bekey elektroniske dørlåsar i Gloppe. Både Sætren installasjon og vi får nyttig erfaring. I Hyen har vi monterte låsar på fem dører.

Dette er dei første som er monterte i Sogn og Fjordane, så vidt vi veit. Dørlåsane fungerer slik at ein skiftar ut sjølve låsen på innsida av døra og kan fortsatt bruke vanleg nøkkelen for å låse døra på utsida. Dei tilsette som skal inn til ein brukar har ein app på telefonen som dei må logge seg på og då er det berre å trykke på lås opp knappen når ein står ved døra. Erfaringane er positive. Målet er å låse seg inn via pasientjournalen, dette er under utprøving i Bergen i desse dagar.

#### Fokus på ein meiningsfull kvardag

I sektoren er det fokus på ulike trivselstiltak. Fleire eininger har søkt om midlar gjennom Mohrs legat og fått dekka utgifter til ulike sosiale opplevingar. Vi har engasjerte tilsette som ynskjer å skape trivsel for pasientane. Turar som kan nemnast er turar til Busperstova og besøk i nyefjøsen til ordføraren. Pasientane på Oreteigen har delteke i sykkel-VM for eldre, der pasientane la bak seg mil etter mil på Motiview-sykkel.



*Frå besøk i fjøsen til ordførar Leidulf Gloppestad. Foto: Cecilie Helgheim.*

#### Planlegging av nytt omsorgsbygg

Vi har brukt mykje av 2017 til arbeidet med å projekte ei nytt tilbygg til Gloppe omsorgssenter. Den gamle trebygningen skal rivast og erstattast med nytt

tilbygg. Tilbygget er i utgangspunktet tenkt i 3 etasjer. 1 og 2 etasje er tenkt til omsorgsbustader med tilhøyrande fellesrom og andre nødvendige funksjonar som lager, skyllerom, kontor og møterom.

Underetasjen skal nyttast til ulike lager, garderobar, kontor og tekniske rom. I tillegg vert der loftstrom som kan nyttast til lager, teknisk rom m.m. Omsorgsbustadane skal planleggast slik at bruken gjev fleksibilitet i forhold til ulike pasientgrupper. Det er behov for eit framtidsretta og fleksibelt omsorgsbygg.

Det er oppretta lokal arbeidsgruppe som er med i planleggingsprosessen. Dette er tilsette som har erfaringar med tilsvarende prosessar, representerer einingar som har funksjonar i dagens bygg og som vert berørte av ombygging og nybygg. I tillegg er verneombod, vaktmeister, helse- og omsorgssjef og einingsleiar eigedom med i arbeidsgruppa.

I planlegginga har vi hatt med oss konsulentar frå firmaet Arkilag. Dei har brei erfaring som vi dreg nytte av og kan vise til fleire tilsvarende referanseprosjekt. Arkilag har arbeidd i lag med lokal arbeidsgruppe.

I arbeidet med planlegging og kartlegging av behov og moglegheiter av nytt omsorgsbygg, ser arbeidsgruppa at det mest truleg er aktuelt å bygge bustader for pasientar i to etasjar knytt til dagens to etasjar med pasientrom/bustader. Arealet som er disponibelt tilseier at det er plass til og praktisk å tenke 10 bustader i kvar etasje. Dette gjev 20 nye bustader.

Bygget bør planleggast for eventuell vidare utbygging i framtida og arbeidsgruppa tenkjer at behovet for ytterlegare nye bustader for å dekke behovet i 2040, er naturleg å tenke som eit byggsteg to.

### Vinner av Gylne måltidsøyeblikk



Leiar av frivilligentralen Elfrid Rauset Håheim og kjøkkensjef Gunnvor Sunde. Foto: Pårørendeaksjonen/Anita Vatland.

Gloppen kommunale kjøkken vart i 2017 vinnar av Gylne Måltidsøyeblikk. Over 50 kjøkken og institusjonar deltok i konkurransen i år, og kjempa om fyrstepremien på 30.000 kroner. Grunngjevinga var som følgjande:

Gloppen er eit strålende eksempel på god matomsorg for eldre som bur heime. Dei fornyar menyen ofte, og lar dei eldre velje mellom fleire middagsalternativ kvar dag. Gode matordningar er avgjerande for å møte eldrebølga som kjem om få år. Eg håpar fleire vil la seg inspirere og lære av mattilbodet til Gloppen, seier landbruks- og matminister Jon Georg Dale.

### Miljøarbeidartenesta

Tenester til menneske med utviklingshemming vart omorganisert i 2017 og samla i ei eining kalla miljøarbeidartenesta. Vi har samla bustadane i Åsavegen, Åsateigen, Solsikka, Myklebusstunet, Nordåsen og uteteamet i ei eining. Målet med omorganiseringa er

- betre og meir fleksible tenester til brukarane,
- god ressursutnytting og
- gode fagmiljø for dei tilsette.

Kompetanse og kontinuitet er ein føresetnad for gode helse- og omsorgstenester til menneske med ei utviklingshemming.

Vi starta også opp tenester i Myklebusstunet, som er bygd etter ein modell for samlokaliserte bustader integrert i ordinære bustadområde som Hamarøy kommune har etablert. Erfaringane så langt er at dette er ein god modell for tenesteyting og vi har rekruttert tilsette med fagkompetanse i avdelinga. På minussida viser det seg at husleiga i bustadene med kommunal tildelingsrett vart for høg.

### Lærings- og meistringstilbod i Frisklivsentralen

Vi har vidareutvikla og implementert fleire lærings- og meistringstilbod. I 2017 har vi utvikla lærings- og meistringstilbod for artrose-pasientar, kne, hofte og hand.



Foto: Margot Andenes.

### Seniortreff – onsdagstreff – torsdagstreff

Vi fekk også i 2017 tilskot til prosjektet Seniortreff. Prosjektet er eit samarbeid mellom kommunen, frivillegentralen, eldrerådet og Gloppen pensjonistlag.

Vi har starta onsdagstreffet i kantina på omsorgssenteret i lag med frivillige. Ein dag i veka treffast eldre til ei sosial samling, trim, litt underholdning og eit felles måltid.

Vi er no i gang med å utvikle dagtilbodet i Breim etter same modell. Anna aktivitet som kan nemnast er etablering av frivillegkontaktordning og brosjyre med oversikt over møteplassar for seniorar i kommunen.



### Deltaking i prosjektet Multicare



Gloppen vart spurt om å delta i forskingsprosjektet Multicare. Fokuset er leing av multikulturelle arbeidsfellesskap. Representantar frå Gloppen er Iren Knutsen Utheim og Cecilie M Helgheim. Bilete frå samlinga i Gloppen. Foto: Iren Knutsen Utheim.

### Helsefagarbeidarutdanning for framandspråklege etter Gloppen-modellen

Gloppen kommune, NAV og fylkeskommunen har sidan 2013 samarbeidd om å utdanne framandspråklege helsefagarbeidrar etter ein eigen modell som til no har vore vellukka. Gloppen-modellen får stor nasjonal merksemd. No har sju av elevane frå første kullet bestått fagprøva!

Firda vidaregåande skule på Sandane fekk i 2017 tildelt årets skulepris for likeverd og inkludering til tilsette og elevar. Satsinga på utdanning av framandspråklege helsefagarbeidrarar var ei av grunngjevingane for tildelinga av denne prisen.



Dronning Sonja helsar på nokre av elevane på helsefag ved Firda vgs. i samband med at skulen fekk dronninga sin skulepris for 2017. Foto: Andreas Nygjerd.

## Utvikling over tid

Teneste	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Mottakarar av heimesjukepleie og praktisk hjelp	416	398	380	359	359	354
Mottakarar av støttekontakt	55	58	66	60	63	73
Mottakarar av omsorgslønn	12	13	12	13	11	11
Bebuarar i bustader disponert til omsorgsføremål inkl. heildøgnsomsorg	156	150	150	150	152	152
Bustader med bemanning heile døgnet	73	67	67	67	67	65

Tal tenestemottakarar i heimetene stene har auka. Vi får i tillegg stadig meir komplekse, omfattande og fagleg utfordrande oppgåver i kommunen. Dette er i tråd med forventingar som følgjer av reformer og forventningar til kva oppgåver kommunane skal løyse. Dette utfordrar tenestene og er ressurskrevjande.

## Utvikling i liggedøgn

	2017	2016	2015	2014	2013
Korttid/rehab.	3.856 (88,0%)	3.390 (77,2%)	3.977 (90,8 %)	3.889 (88,8 %)	3.754 (85,7 %)
Langtidsplassar	2.771 (94,9%)	2.521 (86,1%)	2.753 (94,3 %)	2.920 (93,1 %)	2.853 (85,2 %)

I 2017 har vi hatt høg beleggsprosent og periodevis opplevd stort press på korttidsplassane. I ein periode i løpet av sommaren 2017 hadde vi ledig kapasitet, men store delar av året har vi hatt press på plassane. Det er tilfeldig om det er mange pasientar som vert utskrivingsklare og har behov for korttidsplassar på same tid gjennom året. Behovet for korttidsplassar og avlastning vil variere og fordeler seg ikkje jamt utover året.

## Institusjonsplassar og ulike butilbod med og utan fast personale

### Institusjonsplassar

Vi har 20 institusjonsplassar i 1. etasje på Gloppen omsorgssenter. I tillegg har vi to plassar til KAD (Kommunal akutt døgneining). Situasjonen for 2017 har vore mykje lik som i 2016. Presset på korttidsplassane i 2017 har vore stort gjennom store deler av året.

Gloppen kommune har også i 2017 mange liggedøgn som kommunen har betalt for til spesialist-helsetenesta (71 i 2017, 108 i 2016). Forklaringa på dette er at det i periodar har vore meldt mange pasientar på kort tid med behov for institusjonsplass, og at det periodevis gjennom året også var lite sirkulasjon på korttidsplassane, grunna pasientar som låg i avdelinga og venta på bustad med eit høgre omsorgsnivå enn det vi kan gje dei i heimen. Dette har ført til at vi ikke har klart å ta imot utskrivingsklare pasientar.

**Bustad med personale tilgjengeleg heile døgnet**  
73 bustader på Sandane.

**Bustad med personale tilgjengeleg deler av døgnet**  
50 bustader fordelt på Sandane, Hyen og Breim.

### Avlasting for barn og unge

Gloppen kommune har 4 avlastningsplassar på Sol-sikka, som er ein «institusjon» for barneavlasting. Plassane er jamleg i bruk, nesten kvar helg og 1-2 døgn på kvardagar.

### Venteliste langtidsopphold eller omsorgsbustad med bemanning gjennom heile døgnet.

Pasient/brukar som med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av langtidsopphold i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester, men som oppfyller kriteria for tildeling av langtidsopphold etter helse- og omsorgstenestelova § 3-2 a vert sett på venteliste. I Gloppen hadde vi 6 på venteliste ved utgangen av 2017.



Gamlebygget ved Gloppen omsorgssenter som etter planen skal rivast for å gje plass til det nye omsorgsbygget. Foto: Bernt Reed.

**Stor innsats og aktivitet frå frivillige i helse- og omsorgssektoren**

Gloppen kommune og Gloppen frivillegsentral inviterte frivillige lag og organisasjonar til møte i kantina på Gloppen omsorgssenter hausten 2017. Det er svært gledeleg at så mange møtte opp, det set vi stor pris på! Dei frivillige gjer ein stor innsats og skapar positiv aktivitet. Vi treffast ein gang i halvåret til slike møte, og invitasjonen går i hovudsak til frivillige som yt ei aller anna form for frivillig arbeid inn mot einingar og pasientar i helse og omsorg. Gloppen kommune og Gloppen frivillegsentral inviterer i lag til desse møta.



*Samling for frivillige i helse og omsorgssektoren. Foto: Beate Kornberg.*

## MULTEK-utvalet – teknisk sektor

### Ressursinnsats teknisk sektor

#### RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Forbruk	Rekneskap 2016
Administrativ leiing	185 689	393 017	47	329 509
Eigedomsforvaltning	2 086 773	2 231 991	93	1 763 049
Gloppen heradshus	689 435	996 500	69	802 903
Interne serviceeininger	-	344 360	0	-
Vaksenopplæring	94 000	86 000	109	91 000
Førskulelokale og skyss	2 173 059	2 162 000	101	2 219 799
Skulelokale	10 346 586	9 950 000	104	10 615 695
Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste	140 219	171 000	82	147 145
Aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma	64 581	57 500	112	56 817
Diagnose, behandling og re/habilitering	322 721	408 500	79	343 873
Råd, rettleiing og sosialt førebyggande arbeid	5 060	0	0	-
Barnevernatenesta	56 043	68 500	82	58 566
Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon	-15 000	-15 000	100	-15 000
Pleie, omsorg og hjelp i heimen	-66 730	-24 000	278	-61 968
Gloppen sjukeheim	2 973 083	2 815 540	106	2 940 070
Kommunalt disponerte boligar	-7 122 665	-7 301 500	98	-6 703 517
Interkommunale samarbeid (§ 27 samarbeid)	-	75 000	0	11 198
Behandling av plansaker	1 450 810	559 909	259	642 323
Bygge- og delesaksbehandling og seksjonering	685 399	671 046	102	773 839
Kart og oppmåling	373 796	511 470	73	301 379
Bustadbygging og fysiske bomiljøtiltak	-33 700	-	0	-33 700
Kommunal næringsverksemد	-226 396	-218 500	104	-231 405
Tilrettelegging/og hjelp for næringslivet	255 825	-153 000	-167	232 347
Landbrukskontoret og landbruksnæringer	2 469 019	2 844 605	87	2 721 138
Samferdslebedrifter/transporttiltak	-132 414	-35 000	378	-16 284
Kommunale veier, miljø og trafikksikkerhetstiltak og parkering	7 559 006	5 236 575	144	7 143 892
Parkar, torg og idrettsanlegg	889 081	712 746	125	946 027
Førebygging av brann og andre ulukker	689 725	648 546	106	786 166
Beredskap mot brann og andre ulukker	3 816 759	3 389 277	113	3 777 953
Produksjon av vatn	1 534 886	1 026 660	150	1 821 586
Distribusjon av vatn	-1 534 886	-1 026 660	150	-1 821 586
Avløpsrensing	6 021 745	6 142 731	98	5 600 665
Avløpsnett/innsamling av avløpsvatn	-6 021 745	-6 142 731	98	-5 600 665
Naturforvaltning og friluftsliv	38 113	99 094	38	-106 271
Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg	432 732	17 000	2545	414 484
Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	5 165	457 000	1	4 686
Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbrygg	24 421	-	0	23 346
<b>TOTALT</b>	<b>30 230 193</b>	<b>27 160 176</b>	<b>111</b>	<b>29 979 060</b>

- er lik mindreforbruk.

Totalt sett for teknisk sektor var det for 2017 eit meirforbruk på kr 3.070.017. Hovuddelen av dette er utgifter til reparasjonar etter flommen på Breim.

### LANDBRUK

Det har ikkje vore store endringar i saksgrunnlaget ved landbrukskontoret i året som har gått. Vi har likevel hatt rikeleg å gjere etter at vi inngjekk felles landbrukskontor i Eid og Gloppen. Vi er vertskommune. Det fungerer tilfredsstilande, men til tider har vi mykje å gjere. Fleksibiliteten til medarbeidarane er viktig for å få onnearbeidet unna. Landbruksjefen har hatt fast kontordag på Eid, andre ved behov.

Utmarksforvaltar Peter Andresen slutta i august. Lindis Vinje Bergland var på plass i oktober. Ho kjem frå Hønefoss og bur i Førde. Ho er utdanna innan marinbiologi/zoolozi og naturforvaltning. Ho kjem frå ei stilling som rådgjevar på havpattedyr i Aberdeen og har tidlegare vore tilsett i Skogeigarlaget (no Vestskog). Lindis er kunnskapsrik og triveleg, og ein god medarbeidar å ha med på laget.

Hogst: Innmålt kvantum 15.450 m<sup>3</sup>. Plantetal: 63.400 plantar fordelt på 11 skogeigarar. Skogbruksåret 2017 i Gloppen kommune vart igjen eit år med relativt stor aktivitet.

Av veganlegg var det i 2017 ferdiggodkjent eit anlegg med i alt 400 meter i vegklasse 4. Dette veganlegget fekk utbetalt 80.000 kr i tilskot. Det var søkt om og gitt byggeløyve til 3 mindre veganlegg, fordelt på 340 meter i vegklasse 4 og 30 meter i vegklasse 8.

Hjort: Det vart utdelt 808 løyver totalt i Gloppen før jakta 2017. Av dette vart 693 dyr felt. Det gir ein fellingsprosent på 86 % og fellingsprosenten har aldri vore så høg i Gloppen kommune. Det har for fyste gong vore teke ut mindre enn 40 % eldre dyr, og det har vore ei god og fornuftig fordeling på alderskategoriene.



Fellingsprosenten for hjort i Gloppen har aldri vore så høg som i 2017. Foto: Trine Alme.

Vinteren kom tidleg og hjorten trakk ned mot bøane. Dette har resultert i historisk mange påkøyrlar. I året 2017/2018 har det vore 30 påkøyrlar i kommunen, noko som er langt over snittet på 5-6 dyr.

### Tilskot

Fordelinga av tilskot er nokså likt dei siste åra. Nedanfor har vi nokre av hovudtala på landbruksida:

#### *Produksjonstilskot (p-tilskot)*

2017 var eit overgangsår på grunn av ny ordning med ny søknadsportal der vi hadde tre søknadsomgangar. Januarsøknaden var som tidlegare med søknad om dyr per 1. januar og avløysartilskot for 2016 med utbetaling i juni -17. Der var totalt 216 søknader og ei utbetaling på kr 26.373.218.

Nytt søknadssystem starta i mai 2017 der det var søkt på dyr per 1. mai. Neste søknad var i oktober der det var søkt på dyr per 1. oktober, areal, dyr på beite, avløysar, avlingar på frukt og bær og bevaringsverdige husdyr. Samla tilskot for begge søknadsomgangane mai og oktober kom i ei utbetaling i februar 2018. Utbetalt beløp er ikkje kome. Totalt 258 søkjrar.

No må alle søknadene om p-tilskot leverast digitalt. Det er ei utfordring for dei som ikkje er datakynlige eller har dårlig internetttilgong. Dei tek kontakt med oss på landbrukskontoret, eller allierer seg med rekneskapsførar eller ein slektning. Ansvaret for å få inn søknaden ligg hos føretaket.

#### *Regionalt miljøtilskot (RMP)*

Utbetalt kr 2.887.893 til 157 søkerar.

#### *Organisert beitebruk (OBB)*

Kr 110.056 ( 20 søkerar).

#### *Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)*

fekk tildelt kr 500.000 medan det er inndrege kr 169.995. Forbruk kr 659.460. Kr 10.535 vart inndrege/ikkje brukt og vert trekt inn til fylkesmannen si landbruksavdeling. Dette er tredje året vi ikkje har bruk opp midlane!

#### *Refusjon avløysarutgifter ved sjukdom*

23 søkerar med ei utbetaling på kr 653.787.

#### *Grøftetilskot*

Kr 95.900 i 2017 av ei tildeling på kr 130.000. Inndregne midlar kr 29.865. Restmidlane har fylkesmannen fordelt på andre kommunar.

#### *1. lineteneste Innovasjon Norge*

Seks prosjekt fekk løying; to mjølkebruk (frå bås til lausdrift), eit grisefjøs (rehabilitering/nybygg) og tre utbyggingar på ammeku. Fleire av desse prosjekta vart utsett frå 2016 og fekk løying i 2017. Kr

6.975.000 i investeringstilskot. Prosjektkostnader kr 34.649.870.

### PLAN OG BYGGESAK

#### Planarbeid

Planen for Sandane sentrum blir utforma etter m.a. dei innspela som kom inn frå sentrumsanalysen og parallelloppdraget. Vi ventar framleis på resultatet frå sentrumsutviklingsprosjektet. Områdeplan for Straumsholmen i Hyen vart sluttført, men måtte via Fylkes-mannen før den blei endeleg godkjent.

Innanfor plan- og byggesaksarbeid blir det brukt mykje tid på rettleiing av innbyggjarar i kommunen, og det er nok her det er mest besøk gjennom året.

Plan og byggesak vart i 2107 organisert som ei eiga eining, med nyttilsett einingsleiar, Ann Mari Bjørlo (sjå side 11 i årsmeldinga).

#### Byggesaksarbeid og delingssaker

Sakshandsamingstida er svært god, med ein gjenomsnittleg tid på 7 dagar. Statistikken syner at mange av sakene er mangelfulle ved mottak, slik at ein del av sakshandsaminga er knytt til å få inn tilstrekkeleg informasjon. Dei fleste søkerne, også dispensasjonar, vert innvilga.

Kommunen har elles berre fått inn klager i to byggesaker i 2017, noko som tyder på god kvalitet i sakshandsaminga. Det har vore auka fokus på tilsyn, med åtte tilsynssaker, og det er vedteke ny tilsynsplan for 2018. Dette skal fortsetje å vere eit prioritiseringsområde i tida framover. Det er elles framleis vanskar med å få stabilitet kring sakhandsamarar.

Det har vore mange delingssaker i 2017, samla har vi motteke 40. Dette er mykje grunna at det vart gjort tilgjengeleg fleire tomter i Valborgkleiva.

#### Oppmåling og seksjonering

I 2017 har det vore høg aktivitet med omsyn til oppmåling av bustadtomter, særleg knytt til tomtene i Valborgkleiva. Det er registrert inn 47 saker i 2017. I tillegg har kommunen oppretthalde fokuset på oppdatert leidningskart. Avdelinga har mangla noko ressursar grunna adresseringsprosjektet, slik at det er noko etterslep på saker, særleg knytt til saker som kjem frå jordskifteretten. Dette vonar vi å ta att i løpet av 2018.

Det har vore lite seksjoneringssaker i 2017, med berre tre saker registrert inn. Det er drøfta å etablere felles ressurs- og/eller samarbeid med andre kommunar på dette fagfeltet.

#### EIGEDOM

I 2017 har eigedomsavdelinga hatt sju årsverk vaktmeistrar, 17 årsverk reinhaldarar og ein einingsleiar.

Gloppen kommune har om lag 45.000 m<sup>2</sup> bygningsmasse fordelt på vel 70 bygg. I tillegg til å vedlikehalde denne bygningsmassen, skal eigedoms-

avdelinga utføre mindre ombyggingar, tilpassingar og ha prosjektleiinga på nye byggeprosjekt.

#### Reinhaldstenesta

Reinhaldsgruppa i Gloppen kommune består av om lag 17 årsverk fordelt på 22 fast tilsette reinhaldarar i tillegg til ein driftsleiar. Reinhaldsgruppa har ansvar for reinhaldet på alle skulane, barnehagane, omsorgssenteret, heradshuset, GOS, NAV og på leigearalet på Grandane. Totalt om lag 28.000 m<sup>2</sup> vaskeareal.

I 2017 har reinhaldsgruppa også hatt ansvar for reinhaldet i to private barnehagane på Vereide og for tannlegetenesta på Grandane. Reinhaldsgruppa tilbyr god kvalitet og leverer ei konkurransedyktig reinhaldsteneste.

#### Vaktmeistertenesta

Vi har i dag sju vaktmeistrar i heil stilling. Vaktmeistrane har hovudansvar for kvar sine bygningar, men jobbar likevel i team rundt om på alle bygga. Blant desse vaktmeistane har vi ein driftsleiar som har ansvar for koordinering av drifta ute.

#### Drift:

I tillegg til dei daglege vaktmeistertenester som ligg inn under vedlikehald av bygga, utførte vi fleire mindre tiltak i 2017 som vil heve standarden og driftsvilkåra på bygga våre, og kan nemne:

- Totalrenovering av Gotavegen 77 og 81
- Oppussing i Åsavegen 135/137
- Nye dusjkabinett i alle leilighetene på Furubu
- Skifta ut gammal belysning til ny ledarmatur i fleire rom
- Branndører på Gloppen omsorgssenter og Gotatoppen
- Vindauge på tidl. Vestre Hyen skule
- Varmepumpe Sandane skule og Åsavegen 145
- Hus for skittentøyleveranse Gotatoppen
- Nye golvbelegg på Retunet, Gotatunet og Gotatoppen
- Brannvarslingsanlegg hovudetasjen Nordstranda skule
- Ombygging av klasserom ved Sandane skule
- Riving og deponering av uthus på kommunegarden
- Oppussing av fleire bueiningar på Gloppen omsorgssenter
- Tiltak etter skadedyr i Åslyvegen 16
- Takheis på Breim skule
- Ekstraord. rep av Menerga-anlegget ved Breim skule (varmegjenvinning)
- Utvendig maling av fleire bygg, mellom anna Hyen skule, Hyen barnehage, 5 bygg i Søråsen
- Skoging på fleire kommunale eigedomar

- Asfaltering av plassar og vegar inne på anlegga og kan nemne Byrkjelotunet, Mona barnehage avd. Sandane, Øvrevegen 51B og Åsavegen 137
- Plenslåing og stell av utvendig grøntareal.

I 2017 tilsette vi to sommarhjelper som utførte vedlikehald av grøntareal og anna førefallande arbeid.

Vaktmeistertenesta har i 2017 også hatt ansvar for vaktmeistertenestene på Sandane sentrumsbygg som gir Gloppen kommune ekstra inntekter.

### Investeringar

Vaktmeistrane utfører fleire mindre prosjekt sjølv:

Energibesparande tiltak :

- Nye ytterdører på Nordstranda skule med dørpumper klargjort til automatikk
- Nye vindauge i Breim barnehage. Fjerna vindauge mot idrettsbana og kledd igjen med asfalt, vindduk og isolasjon. Dobbelfalsa kledning
- Nye vindauge i garderober og museum i kjeller, Breim barnehage
- Nytt ventilasjonsanlegg i Furustubben barnehage. Flytta det fra loftet og ned på bakkenivå
- Nye aluvindauge på Gloppen omsorgssenter. Montert i karm på eksisterande vindauge, 20 stk.
- Småprosjekt – solavskjerming, uteboder m.m.

Vi har også hatt ansvar for investeringsprosjekt som er utført av eksterne entreprenørar:

- Heradshuset – oppgradering etter brannen
- Dagsenteret – totalrenovering + etablering av fire nye små bueiningar
- Idrettsbygget i Hyen – prosjektering for universell utforming, innemiljø (lys, luft, lyd), basseng og nytt tilbygg for varmeanlegg som skal sørve både idrettsbygget, skulen og barnehagen.
- Gloppen omsorgssenter – prosjektering av nytt tilbygg for 20 nye omsorgsplassar
- Takoverbygg i Eidsmona.

I 2017 overtok egedomsavdelinga to nye bueiningar i Idrettsvegen 12 på Byrkjelo, ei bueining i Hovden på Reed og eitt brukt bus i Valborgkleiva.

Egedomsavdelinga har lagt bak oss eit svært aktivt og interessant år og har vore med på å betre driftsbygga for brukarane våre.

### KOMMUNALTEKNIKK

#### Medarbeidrarar

På eininga er det ei 100 % leiarstilling, ei 60 % stilling som avdelingsingeniør, ei 30% stilling som tek seg av leidningskartverk og ei 20 % stilling til arbeid med gebyrgrunnlag for abonnentane.

På uteseksjonen har vi åtte driftige medarbeidrarar i tillegg til driftsleiar. Fire av desse jobbar med drift og vedlikehald av vegrar og parkanlegg som kommunen

eig. Vi har tre driftsoperatørar som held styr på alle vatn- og avløpsanlegga våre.

#### Kommunalteknikk

Avdeling for kommunalteknikk har mange varierte arbeidsoppgåver gjennom heile året. På vinterstid er det vintervedlikehaldet som har fokus. For resten av året er det generelt vedlikehald av vegrar, parkar samt vass- og avløpsanlegg som har prioritet. I tillegg til drifts- og vedlikehald jobbar vi med utbygging/igangsetting av nye VVA-prosjekt.

#### Vassverk

Kommunen tok i 2015/16 over Moane-, Vereide-, Reed/Hovden- og Eikenes/Hestenes Vassverk.

Kommunen jobbar kontinuerleg med oppgradering og fornying av leidningsanlegg for å få eit best mogeleg trygg infrastruktur på vassforsyninga.

I 2016 vart Hestenes og Eikenes vassverk overteke av kommunen. Utfordringane for dette vassverket er variabel vasskvalitet då inntaket blir tatt frå ei overflatevasskjelde som i periodar fører med seg partiklar og gjer at vatnet får farge.

Kommunen sette i gang grunnundersøkingar for å sjå om det er mogeleg å finne grunnvatn. Det er sett ned grunnvassbrønnar som vi no prøvepumpar. Dette arbeidet fortsette vi med også i 2017 med mål om å få til ei sikker og god vassforsyning. Resultata syner at vi må gjere ytterlegare tiltak for å finne nok vatn, noko som vi er i gang med.

Ved Reed vassverk utførte vi rehabilitering av høgdebassenget i tillegg til at det vart installert sikringsutstyr. Arbeid med etablering av nytt driftskontrollanlegg (SD-anlegget) for VA-anlegga vart starta opp og er planlagt skal settast i drift i løpet av 2018.

#### Avløp



Utviding av Byrkjelo avløpsreinseanlegg. Foto: Lars Johan Sivertsen.

Tilsette på uteseksjonen utfører dagleg drifts- og vedlikehaldsarbeid på avløpsanlegga våre. Noko innleige av elektrikar/rørleggar/maskinentreprenør

skjer, men stort sett utfører vi alt arbeid på avløpsanlegga sjølv.

Vi er no i gang med byggearbeid for oppgradering av Byrkjelo reinseanlegg slik at vi får redusert driftsutfordringane på dette anlegget samt at vi sikrar nok kapasitet til anlegget. Arbeidet er godt i gang og anlegget skal stå ferdig i løpet av seinhausten 2018. Slammet fra anlegget vert no levert til mottaksanlegg i Sløvåg fordi komposteringsanlegget til Sunnfjord Miljøvert ikkje lenger kan ta i mot meierislammet som vi har levert der tidlegare.

Tine Meieriet er i gang med omstrukturering av produksjonen sin og det er venta at dei vil vere klare med dette arbeidet i løpet av utgangen 2018. Det er tett dialog med Tine for å sikre at vår prosessoppgradering blir best mogeleg tilpassa avløpet frå Tine.

#### **Leidningsnettet**

På leidningsnettet er ca 1.000 meter med gamle rør skifta ut. Det er lagt ned 3.200 meter med nye vassrør og 4.900 meter nye avløpsleidningar. Det er montert fem nye avløpspumpestasjonar. Her er nokre av prosjekta vi hadde i 2017:

- Reedfjæra – sanering avløp inkl to pumpestasjonar
  - Ytre Fitje – VA-anlegg inkl. ein pumpestasjon
  - Selvågane – VA-anlegg
  - Bakkane – ny vassleidning inkl. ein pumpestasjon
  - Reed-Steinsaker – VA-anlegg
  - Kleivedammen, gangveg – VA-anlegg
  - Nye Valborgkleiva – VA-anlegg
  - Ved Vereidekyrkja – sanering avløp
- Oppsummert har det vore høg aktivitet på legging av VA-leidningar i år.

#### **Kommunale vegar**

Snøbrøyting har vore utlyst for ein ny treårs periode. Arbeidet er delt inn i 15 roder. Det kom inn tilbod på alle rodene med unntak av ei rode som vi fekk ordna i etterkant. Uteseksjonen utfører som før snøbrøyting i Sandane sentrum samt strøing av kommunale vegar rundt Gloppefjorden.

Det kommunale vegnettet er på ca. 123 km, 93 km med fast dekke og 30 km grusveg med ca. 60 bruer.

Vedlikehaldsarbeidet på delar av vegnettet i 2017 vart utfordrande etter flaumen vi fekk 24 juli. Spesielt områda mellom Reed og Byrkjelo fekk vi omfattande skader på vegnettet. Intens nedbør over kort tid førte til at bekkar og elvar i området fløyymde over øydelagte bruer og vegar. Heldigvis var det ingen som kom til skade, men vi fekk store skader og kostnader som følgje av uveret. Kort kan nemnast nokre stader der vi fekk skader på vegar/bruer:

- Gloppestad – øydelagde stikkrenner
- 3 bruer Leirbrekka – undergraving
- Høygardsvingane – utvasking av veg

- Kolbotn – utvasking av veg
- Stensakervegen – skader på veg
- Hovden – utvasking veg
- Skrøppavegen-fleire skader – utvasking veg og skader på bru
- Bjørnerheim – skade på veg og stikkrenner
- Felde/Moldestad/Skinlo/Kvile – skader på veg, utvasking, undergraving.

Slik såg det ut:



*Utvasking og undergraving av bru på Gresleitevegen.  
Foto: Per Ove Fossheim.*



*Utvaska veg ved Kolbotnen.  
Foto: Per Ove Fossheim.*



*Utvasking og øydelagt asfaltdekk på Støvvavegen.  
Foto: Per Ove Fossheim.*



*Utgraving veg Moldestad.  
Foto: Per Ove Fossheim.*

Det vart søkt Fylkesmannen om skjønnsmidlar på til saman 2,6 mill og vi fekk 50% av denne summen, resten må vi dekke inn gjennom drifta/tilførte midlar. Det vart utført ein stor jobb med eigne ressursar og innleigd hjelp frå lokale entreprenørar. Arbeidet vil pågå også ut i 2018 for å ferdigstille arbeidet.

Hausten 2017 vart den etterlengta vegutløysinga i Selvågane realisert. Her vart det bygd 160 meter med ny veg som bind saman Åsavegen og fylkesveg 615 Sørstrandsvegen. Med denne sambindinga får vi fjerna to utfordrande trafikkpunkt dvs. Sundebakken som blir stengd for biltrafikk og siste del ned Åsavegen mot Vonheimskrysset som blir stengd for gjennomkjøring.



*Opning av vegen i Selvågane. Frå venstre: Per Ove Fossheim, ordførar Leidulf Gloppestad og Kjell Petter Solhaug. Foto: Margrete Solheim.*

Av trafikktryggingstiltak som vi fekk tilskot til, har vi bygd ny gangveg på 160 meter langs Åsavegen ved kunstgrasbana. Dette tiltaket gjer at vi får ei betre trafikkløsing i eit område med mange gåande og syklande.



*Ny gangveg langs Åsavegen. Foto: Per Ove Fossheim.*

I tillegg vart det etablert nytt gatelysanlegg mellom Palset bustadfelt og Folkehøgskulen.

Vi fekk gjort ein god del reasfaltering av vegar som hadde behov for dette. Av vegar som vart reasfaltert kan nemnast:

- Gotevegen frå fv. 615 til barneskulen
- Industrivegen inkl. breiddeutviding
- Kleivedammen v/Best-stasjonen
- Åslyvegen, mindre parti
- Kandal, parti på ca 260 m.

På vårparten vert feiemaskina køyrt i to skift for å raskt som råd få kosta oppatt sand frå strøингa om vinteren.

### **Park og uteområde**

Etter at kommunen tilsette eigen garnar, ser vi at kommunen sine sentrumsområde vert betre stelt enn før. No har vi fagkompetanse til stell av busker, tre og blomsterbed. Uteseksjonen har også teke over stell av alle idrettsanlegg og fotballbaner rundt om i kommunen. Totalt sett har vi ca 20 mål med plen som skal vedlikehaldast heile sesongen.

### **Investeringar**

#### **Vassverk**

Totalt vart det lagt ca 3.900 meter med vassleidningar i 2017.


#### **Avløp**

Nye avløpsleidningar er lagt på dei same strekningane som for nye vassleidningar. Dette er eit prioritert arbeid for å sanere gammalt privat avløpsanlegg og få dette inn på det kommunale anlegget. Det blei i 2017 sett i drift 5 nye pumpestasjonar. Totalt sett vart det lagt ned over 5 km med nye avløpsleidningar i 2017.

### **Spesielle hendingar**

Flaumen den 24. juli 2017, med skadar på infrastruktur er alt nemnt.

Nytt bustadfelt i Valborgkleiva med 19 tomter. Etterspørsel etter tomter har vore stor. Ved utgangen av 2017 var dei fleste tomtene selde/reserverte.



*Opparbeiding av nytt bustadfelt i Valborgkleiva. Foto: Per Ove Fossheim.*

## BRANN OG BEREDSKAP

Gloppen Brann og Redning er organisert som eit deltidsbrannvesen. I tillegg til hovudstasjonen på Sandane har vi understasjonar i Hyen og Byrkjelo. Mannskap tilknytt stasjonane er frå 1. januar 2018 fordelt slik:

- Sandane, 19 mann
- Byrkjelo, 10 mann
- Hyen, 10 mann.

I tilknytning til stasjonen på Sandane er mannskapsstyrken redusert med ein konstabell og på Byrkjelo er det redusert med ein frå tidlegare melding. Dette er stillingar som vi ynskjer å fylle.

Det er vidare signalisert at ved understasjonane både i Hyen og på Byrkjelo, er det mannskap som ynskjer å fratre i brannvesenet på grunn av pensjonering eller lang teneste som deltsmannskap. På Breim er funksjonen som brannmeister delt mellom Joar Flølo og Kjetil Fløtre. I Hyen er det Arne Rønneklev Holme som har ansvaret.

## Oppdrag

Brannvesen skal vere i stand til å takle ulike oppdrag:

- Brann av ulike variantar
- Trafikkulykker
- Oljevern
- PLIVO (Pågående livstruande vold)
- «Mens du venter på ambulansen» Hjertestarter
- Andre hjelpeoppdrag (for eksempel helse)
- Overflatedredning på sjø/vatn og is.

Tal på utrykkingar ligg lavt, slik det har vore dei siste åra. Brannslokking er berre ein liten del av oppgåvane, og spesielt utgjer trafikkulykker ein stor del av brannvesenet sine oppdrag. Vakthavande brannbefal har også politiet si oppgåve på ein skadestad, når denne etaten ikkje er komen fram eller er fråverande. Dette opplever vi stadig vakk. Vi er derfor svært spente på korleis den nye politireforma vil ha å seie for våre oppdrag.

A	B	C
1 Antall oppdrag , periode 01/01/17 - 31/12/17.	2/17. Brannvesen:Gloppen brannvesen.	
3 Revidert hendelsestype		GLOPPEN BRANNVES
4 Aba feil bruk		1
5 Aba teknisk/ukjent		5
6 Akutt forurensning		1
7 Brann gjennoppblussing		1
8 Brann i bygning		1
9 Brann i skog- eller utmark		2
10 Brann i skorstein		3
11 Brannhindrende tiltak komfyre		1
12 Eksplosjon uten brann		1
13 Helseoppdrag annet		2
14 Naturhendelse flom		2
15 Rvr-oppdrag fra bris		1
16 Test	132	
17 Trafikkulykke		11
18 Øvelser brannvesen		4
19		
20 Totalt antall		168

## Større samøving



Øving på Anda ferjekai. Foto: Runar Kleppe.

4. april vart det halde ei større beredskapsøving. Denne øvinga var planlagt av Helse Førde, brannsjefane i Eid og Gloppen. Scenarioet for øvinga var kapring av ein buss på Anda ferjekai. Kaprar og statistar i bussen var 20 elevar ved Firda vidaregåande på Sandane. Rektor var også involvert i øvinga.

Eid vidaregåande fekk oppgåvane å spele inn moment som pårørande. Beredskapsleiringane både i Gloppen og Eid var med i øvinga. Aksjonering ute:

- Brannvesenet i Gloppen og Eid
- Ambulansar
- Luftambulanse
- Politi
- Legar.

## Utstyr

**«Brannløftet».** Gjensidigestiftelsen har gjeve brann-Norge mange millionar kroner, der alle brannvesen kunne søke på diverse utstyr.



Utprøving av nye røydykkarbekledningsett. Foto: Runar Kleppe.

Vi la inn søknad på ulikt utstyr og fekk tildelt tre røydykkarbekledningsett til kvar stasjon og ein overflate-redningspakke. Denne siste pakken inneholdt tre tørrdrakter, oppblåsbar gummidåt, undervasskamera,

ispiggar og tauverk. Pakken inkluderer opplæring av to instruktørar, som skal vidare lære opp mannskap i eige korps.

For å få med oss utstyret med overflatedredning, har vi kjøpt inn ein skaphengar som vi har innreia til dette utstyret.

På Sandane har vi kjøpt inn ein mindre båt med påhengsmotor for redning på is og vatn. Denne har vi kjøpt i lag med kommunalteknikk. Vi har vidare oppgradert tankbilen på Sandane med nytt chassis. Dette er ein Volvo FM 500 2012-modell. Dette har vi fått midlar til med Vegvesenet og som har samanheng med tunnelberedskap. Prioriteringa no vil vere å skifte ut dei to eldste bilane i Hyen med ein såkalla «framskutt enhet». Denne har vi prioritert i 2019.

### Oljevern

Gloppen Brann og Redning er og med i Nordfjord IUA (oljevern). Havnegodden i Måløy er sekretær og har årleg møte og øvingar innafor dette området. Vi har i samband med dette fått ein del lenser og absorberingsutstyr. Dette utstyret tek stor plass og er derfor plassert på diverse andre kommunale lager.

### Arbeidstilsynet

Arbeidstilsynet har hatt tilsyn med Gloppen Brann og Redning. Det er sett stort fokus på kreftfaren ved arbeidet med brann og eksponering av gassar og røyk. Vi fekk i første omgang pålegg om å kartlegge og utarbeide eit handlingsprogram for tiltak.

Vi har utarbeidd kartlegging og laga ein handlingsplan, både for verneutstyr og rutinar. Arbeidstilsynet ga deretter pålegg om å fylge denne planen, som strekkjer seg til 2019. Kartlegging og utarbeiding av handlingsplan har utført med god hjelp i frå Bedriftshelsenesta vår v/Monica Totland.

### Brannstasjon

Det er sendt bindande tilbod til politiet om leige av lokale til nytt «Blålysbygg» på Faleideflata. Vi har god tru på at dette vert ei både god og praktisk samkjøring av naudetatar. Det vil bli eit forhandlingsmøte rundt påsketid.

### Tilsyn § 13 (særskilde brannobjekt)

Dette året har det vore lagt ned mykje arbeid i å utarbeide ein plan og tilbod for ei samlokalisering av naudetatar. Det er hovudgrunnen til at det ikkje har vore dokumentert så mange tilsyn i særskilte brannobjekt, i tillegg til at forskrifa er endra. No er det meir basert på ei risikovurdering og det er behov for å vurdere objekta på ny. Dette er vi i gang med. Det har likevel vore teke kontakt med fleire av desse objekta og informert om brannvern.

### Førebyggande

Førebyggande arbeid er ei prioritert oppgåve for brannvesenet. I kommunen har vi 60 bygg såkalla særskilte brannobjekt (t.d. skular, barnehagar, overnattingsverksemder og større arbeidsplassar). Dette utløyer ein del tiltak, også i bygg som kommunen eig. At tiltaka har verdi, syner brannstatistikken som viser at det svært sjeldan er brann i desse tilsynsobjekta.

Feieren er rundt i alle husstandane i kommunen og har kontroll på behovsprøvd feiring og tilsyn med fyringsanlegg. Denne tenesta er eit sjølvkostområde og feieavgifta skal dekke dei reelle utgiftene med feiring av piper og tilsyn i bustadhus, utført av feien.

Brannvesenet deltek på lokale brannøvingar i kommunen. Saman med ambulanse og politi har vi m.a. vore med på prosjektet «Open brannstasjon» på alle tre stasjonane og «Redningsdag» saman med Redningsselskapet ved småbåtkaia på Sandane. Vi har kvart år undervisning med alle 6. klassingane i kommunen. Dette er i samarbeid med E-Trygg.

### Utfordringar i framtida

Oppgåvane til det kommunale brannvesenet aukar stadig, samtidig som kravet til utdanning og dokumentasjon vert auka. Gloppen Brann og Redning har grunna geografien og store avstandar tre brannstasjonar med til saman 40 mannskap. Dette krev utstyr og kunnskap for å oppretthalde den sikringa for folk og verdiar som vert kravd frå direktoratet. Brannvesenet vert og trekt meir med i den sivile beredskapen. Dette vil og føre til at oppfølging av mannskap er særskilt viktig, både for å halde oppe motivasjonen og for å sikre rekruttering av mannskap.



Flaumskadar communal veg og privat eigedom på Steinsåker i Breim. Foto: Jan Kåre Fure.

## MULTEK-utvalet – kultur

### Ressursinnsats kultursektor

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Forbruk I %	Rekneskap 2016
Administrativ leiing	-	-	0	102
Aktivitetstilbod barn og unge	561 495	487 710	115	478 045
Anna førebyggande helsearbeid	-	25 000	0	29 051
Behandling av plansaker	-	267 305	0	936 310
Kommunal næringsverksemd	990 515	1 285 354	77	1 118 830
Tilrettelegging/og hjelp for næringslivet	1 680 621	1 992 316	84	1 138 946
Parkar, torg og idrettsanlegg	77 507	-	0	19 767
Naturforvaltning og friluftsliv	46 791	168 000	28	85 788
Kulturminnevern	11 552	-47 000	-25	19 979
Bibliotek	2 624 043	2 452 097	107	2 643 046
Kino	848 466	611 872	139	497 602
Museum	456 159	430 000	106	329 279
Kunstformidling	330 069	501 000	66	470 196
Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg	247 870	225 000	110	217 907
Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	2 661 179	1 652 676	161	4 163 840
Kulturskulen	5 266 015	5 455 797	97	5 336 722
Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturygg	250 318	250 000	100	226 168
Kommunale kulturygg	346 077	660 631	52	878 159
Andre religiøse føremål	98 678	75 000	132	90 852
<b>TOTAL</b>	<b>16 497 355</b>	<b>16 492 758</b>	<b>100</b>	<b>18 680 588</b>

- er lik mindreforbruk.

### Kort om året 2017

Dette kapitlet avspeglar den kommunale kulturaktiviteten, og aktivitetane i Trivselshagen med kino, bibliotek, kulturskule og kantine og aktiviteten i kultursalen, og i tillegg idrettsanlegg og friluftslivsaktivitetar.

I 2017 låg vi framleis høgt oppe i Telemarksforskning si kåring av Årets kulturkommune i landet.

2017 har vore nok eit aktivt kulturår i kommunen med mange arrangement og festivalar, og det er på gang mange positive tiltak og prosjekt som vil gje både kulturlivet og innbyggjarane i kommunen betre rammevilkår i tida framover.

Arbeidet med å legge til rette for friluftsliv i kommunen, held fram mellom anna med:

- Merking av turløyper i samarbeid med MNT
- Vidare utvikling av nærfri friluftslivsområdet Trivselsskogen, med fylket si første dagsturhytte på plass på Draumekvila.
- Tilrettelagde stiar for stisykling på Vereide.

#### Norges Musikkommune 2017

Eit av høgdepunkta i 2017 var at Norsk musikkråd kåra Gloppen kommune som Norges Musikkommune 2017, og i ein kortversjon frå juryen si grunngeiving heiter det:

Gloppen kommune har i over 40 år, både politisk og administrativt, arbeidet planmessig for å løfte det lokale og regionale musikklivet. Juryen berømmer kommunens evne til å legge til rette for alle musikkjangler, og i tillegg ha fokus på egnede øvings- og produksjonslokale.

Eit anna høgdepunkt var den svært vellukka konserthen med Kringkastingsorkesteret i Trivselshallen, der vi også fekk prøvd ut hallen som konsertlokale.

Vi må nemne at dette året hadde kommunen den høgste søknadssummen på spelemidlar i fylket med heile 38 mill., noko som også er rekord i søknadssum for ein kommune på eitt år.

#### Aktivitetar for ungdom

Ungdomsrådet har hatt fire møte. Dei har arbeidd med ulike plansaker, aktivitetar for ungdom, fordeling av kulturmidlar og UKM-arrangement. Ungdomsrådet vart i 2017 utvida med to ungdommar frå Gloppen opplæringsenter, og tel no 11 medlemmer. Sakslistar og møtebøker frå ungdomsrådet er å finne på Gloppen kommune si heimeside.

‘UKM Gloppen’ i Trivselshagen 4. mars hadde med 24 deltagarar og 12 innslag. 13 ungdommar

representerte Gloppen på UKM Festivalen i Høyanger. Dei deltok med kunst, musikk, og som konferansierar og arrangørar.

‘Rusfri 16. mai-natt’ i Trivselshagen samla mykje ungdom til taco, quiz, kino og loddtrekning på flotte premiar. Arrangementet er eit samarbeid mellom Gloppen kommune, Gloppen frivillegentral og ulike lag og organisasjonar

«Sommarjobb-prosjekt for unge innvandrarar», eit samarbeid med NAV og Gloppen opplærings-senter. Opplæring i søkeradsskriving, erfaring med intervju og arbeidstrening.

«Ung-til-ung-aktivitetar» i samarbeid med Open skule på Firda. Lågterskel-aktivitetar opne for alle, men med spesielt fokus på rekruttering av innvandrarungdom.

«Lokal transport for ungdom» , eit fylkeskommunalt prosjekt der vi får midlar til å organisere skyss heim frå ulike fritidsaktivitetar.

### Aktivitetar for funksjonshemma

- Roseklubben kvar måndag i Trivselshagen
- Friluftsmoro på Veslevatnet i samarbeid med Gloppen Jeger og Fisk
- Aktivitetstilbod i Trivselhallen, i samarbeid med idrettslinja på Firda (våren -17)
- Sommarfest i Jølet med deltakarar frå heile Nordfjord
- To veker med tilrettelagde sommaraktivitetar i juli, turar og aktivitetar i Gloppen
- Deltaking på Byrkjeloleikane
- Deltaking på Gloppestrimmen.



Frå Roseklubben sin Sommarfest i Frislidlada. Foto: Kjersti Rønningen.

## Arrangement og aktivitet i Trivselshagen

	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Talet på besøkande i kultursalen	20.500	21.000	15.500	16.000	15.800	15.500	15.000	12.000
Talet på konserter i kultursalen	86	85	67	71	72	67	63	50

2017 var nok eit aktivt år i Trivselshagen. Mange lokale aktørar med gode arrangement må få store delar av æra for den gode publikumsoppslutninga. I tillegg har det vore fleire nasjonale toppnamn innom kulturhuset i året som gjekk. Både besøkstal og aktivi-

tetstal er stabilt høge. I 2017 fekk vi prøvd ut konsert i Trivselshallen då Kringkastings-orkesteret var på besøk. Nærmore 1000 personar fekk med seg konserten.



Kringkastingsorkesteret med lokale artistar frå Nordstranda skule i Trivselshagen under Gloppen Musikkfest 2017. Foto: Inger Haldis Aske Lothe, Firda Tidend.

## Trivselshagen Bad og Idrett

	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Besøk i badeanlegget	38.947	594	25.695	43.180	53.115	25.695

11. mars 2017 kunne vi endeleg opne badeanlegget i Trivselshagen att. Etter å ha vore stengt i over eit år, var det tydeleg at mange hadde sakna dette tilbodet. Dei fire første månadane var det rekordbesøk i bassenget, og aktiviteten har vore stabilt god resten av året. Den andre aktiviteten i det store og flotte anlegget vårt har òg vore stor.

Av store arrangement må vi nemne at vi 9. september var vertskap for KORK i full breidde i storhallen. Ei magisk oppleveling for publikum!

Det største arrangementet vi hadde i 2017, og som vi no har kvart år, er KM i futsal (innandørsfotball) med STIL som teknisk arrangør. Eit krevjande arrangement der vi verkeleg får testa heile anlegget.

I november vart U-NM i vektløfting arrangert i Trivselshallen. Også det eit stort stemne. Av andre større arrangement i 2017 kan vi nemne friidrettsstemne, fleire skuleturneringar i handball, fleire minihandballturneringar, handballskule, regionalt sluttspel i handball, klatrestemne og den årvisse turnbasaren. I tillegg kjem alle terminfesta arrange-

ment gjennom året. Vi opplever også ein aukande etterspørsel frå private, bedrifter og organisasjonar som ynskjer å leige halltid.

Klatreveggen er framleis ein attraktiv stad for mange. Gloppen Klatrekubb (GKK) arrangerer kvart

år tre til fire nye brattkortkurs, så det er stadig fleire som prøvar seg på dei mange rutene i veggen. GKK, Firda vgs. og Nordfjord Folkehøgskule bidrar med nødvendig vedlikehald og skruing av nye ruter.

## Gloppen kino

	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Talet på besøkande	9.463	9.819	9.822	10.752	12.855	11.741	10.981	8.227
Omsetning inkl. mva	822.715	794.380	782.635	766.240	965.965	800.120	774.865	510.800
Framsyningar	298	261	241	317	312	294	245	205
Snitt per framsyning	32	38	41	34	41	40	45	40

Statistikk frå Filmweb rapportserver.

Kinobesøket har vore jamn dei siste åra. Grunna straubrot har vi hatt nokre tekniske utfordringar og vi har derfor skifta ut ein del av forsterkarane i kinosalen. Det har vore godt besøk på norske filmar, dette utgjer om lag 35 % av det totale kinobesøket. Det var ingen store filmar 2017, så besøket kjem av

mangfold på kinoen. Vi har vist 88 filmar fordelt på 298 visningar. Framsyningar i all hovudsak tre kveldar i veka.

Arrangement: Den Store Kinodagen, Rusfri 16. mai-natt, Vinterfest, Kulturnatt, Den kulturelle skulesekken m.m.

## Gloppen folkebibliotek

	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Totalt utlån	44.888	47.447	47.392	46.768	47.033	46.260	45.083	44.979
Besøk	*	36.336	34.698	34.212	34.010	34.740	39.515	39.986
Fjernlån (innlån)	1.019	1.005	1.089	1.013	950	783	791	763

\*) manglar besøkstal grunna feil i dørteljar.

Utlån frå Gloppen folkebibliotek viser ein nedgang på 5,4 % i 2017. Noko av nedgangen skuldast at biblioteket i Hyen vart vedteke mellombels stengt frå 2. halvår 2017. Nedgang i utlånstal er venta utifrå nasjonale trendar med noko mindre utlån. Samtidig aukar tal på arrangement, aktiv formidling og bruk av digitale tenester frå bibliotek. Ei gledeleg auke i utlån av barnebøker på biblioteket på Byrkjelo må nemnast. Nokre spesielle tiltak og hendingar i 2017:

- Det 2-årige prosjektet «Lesarhistorier» vart avslutta, eit samarbeid med Nordstranda skule
- Biblioteket i Hyen: Midlertidig stenging etter politisk vedtak, frå sommaren 2017. Samlinga

vart sortert og delvis nedpakka. No er der ei mindre samling att til dagleg bruk for skulen

- Den nasjonale nynorske lesekampanjen «Tid for ti 2017» vart lansert på Gloppen folkebibliotek i januar med 100 ungdommar
- Etablering av «Lesevener» i Gloppen, eit samarbeid mellom biblioteket, Frivillesentralen og helsesektoren
- Opning av dagsturhytta Draumekvila, med nynorsk turbibliotek – med nye barnelitteraturperler, til lesing med vid utsikt, på eit fang.

## Gloppen kulturskule

	2017	2016	2015	2015	2013
Elevtal	366	345	344	347	355
Venteliste	89	84	107	67	75
Sal av årsverk	3,51	3,09	3,03	3,2	3,45

Sal av tenester til korpsa i kommunen er stabilt medan sal av musikkterapi til skulane har auka litt. Sal til Firda vgs. har gått litt opp igjen frå i fjor, frå 127 % stilling til 141 % stilling. Skuleåret 2017/2018

sel vi også musikklærarteneste til Breim skule tilsvarende 27 % stilling.

Distriktsmusikarane har vore aktive også i 2017. Dei har vore med på dei fleste store produksjonar i

fylket dette året, t.d. Sildagapet og Gloria med Opera Nordfjord, Juleoratoriet i Førde og Sogndal, Gloppen musikkfest og Sogn og Fjordane symfoniorkester sine konsertar. Dei har vore på fleire turnear med Den kulturelle spaserstokken, og på turne på skulane i fylket med Den kulturelle skulesekken.

I tillegg har dei hatt mange små og store speleoppdrag både her i kommunen og i fylket elles. Musikarane hadde eigen konsert i stova på prestegarden på Vereide, der deltok også talentene vår Rebekka Vereide Kroken på song. Dei har spelt på fleire konsertar saman med elevane våre, som t.d. Adventskonserten i Gimmestad kyrkje og konsert i Sandane kyrkje.

Elevane våre har vore synlege og aktive også i år. Vi har hatt fleire danseframstillingar, i tillegg til å ha elevar med på 17. mai, STIL-festen, felles

konsert med musikklinja på Firda vgs., ulike årsmøte og konferansar.

Julekonserten og Sommarfesten er årlege, store konsertar der elevar, lærarar og distriktsmusikarar samarbeider, og dei har vore viktige og vellukka også i år. I tillegg til dette har vi hatt månadlege huskonsertar og andre småkonsertar. Den største fellessatsinga i fjor, var førestillinga Samansurium. Den blei ein stor suksess med solistar, orkester, dansarar, kor, kulturskuleelevar, Firda-elevar, distriktsmusikarar og kulturskulelærarar.

Elevar, lærarar og distriktsmusikarar deltok på om lag 120 konsertar/arrangement i 2017.

### Spesielle hendingar:

Emilie Larsen Evebø er ein av dei heldige som er tildelt Draumestipendet 2017 på 10.000 kr frå Norsk Tipping.



Gloppen – årets musikkommune 2017. Frå venstre: Bjarne Dæhli (generalsekretær Norsk musikkråd), Leidulf Gløppstad (ordførar) og Jan-Kjetil Øygard (kultursjef). Foto: Geir Skagen, Firda Tidend.

## Stab og støtte

«Stab og støtte» er økonomiavdelinga, skatteoppkrevjaren, personalavdelinga, servicetorget, arkivtenesta, plan- og utgreiingsavdelinga og IT-avdelinga, Eininga har vore i drift sidan august 2014.

### SERVICETORGET

Servicetorget har vore i drift sidan 2001 og er kommunen sitt kontaktpunkt mot publikum. Servicetorget har ansvar for startlån, bustøtte, utleige av kommunale bustader og gjennomføring av val. I tillegg ivaretok servicetorget desse interne funksjonane: politisk sekretariat, saksbehandling, kommunen si postteneste og innkjøp av rekvisita.

Servicetorget har fire tilsette (3,8 årsverk). Servicetorget driftar både kommunen si heimeside og kommunen sitt intranett og legg til rette for dei folkevalde sin bruk av nettrett i kommunale møte. I tillegg driftar vi heimesidene: trivselshagen.no og

gloppen.no, heimesida til kyrkja i Gloppen og nettsida til Sandane-dagane.

Servicetorget samarbeider både med dei andre kommunane i Nordfjord om nett-tenester og data-løysingar og med det lokale næringsliv om marknadsføring og profilering av Gloppen. Frå 2011 har servicetorget vore stemnekontor for Sandane-dagane.

Servicetorget deler kontorplass med kommunen si arkivteneste. Servicetorget er sentralbord for heradshuset og tenestene i helse og omsorg, unntake legekontoret.

Nøkkeltal	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Søknader om bustøtte	78	78	***	***	164	187
Sum bustøtte i 1.000 kroner	844	1.752	1.523	1.860	2.132	2.424
Innvilga startlån til	10	9	9	14	14	16
Innvilga søknader om tilskot til etablering av bustad til	5	4	5	5	6	3
TT-ordninga (drosjekort)*	268	251	242	237	239	239
Parkeringsløyve*	4	7	5	2	8	4
Utskrivne følgjekort* (nye kort)	8	4	6	4	3	4
Ambulerande skjenkeløyve/løyve for eit enkelt høve*	1/16	1/15	0/15	3/18	13/19	10/19
Billettsal* (tal selde og utleverte billettar)	896	1.580	5.003	2.497	3.002	**
Tildeling av kommunal tomt*	13	7	6	7	3	2
Førehandsrøysting	1.265 <sup>1</sup>		854 <sup>1</sup>		968 <sup>1</sup>	
Talet på journalførte inngåande brev	7.389	7.166	7.491	7.490	8.213	6.439
Talet på journalførte utgående brev	4.341	4.091	4.621	5.428	5.707	4.336

<sup>1</sup> Talet inkluderer mottekne førehandsrøyster til andre kommunar


\* Tenester merka med \* skal det ikkje vere ventetid på. Det betyr at svar blir gjeve same dag eller dagen etterpå. Denne målsetting er oppfylt.

- i kolonnen tyder at andre avdelingar enn servicetorget på det tidspunktet utførte tenesta.

\*\* Vi har ikkje statistikk for 2012 på grunn av datahavari på billettsystemet

\*\*\* Statistikken for 2014 og 2015 viser kor mange som har fått innvilga bustøtte, ikkje kor mange som har søkt.

### ARKIVTENESTA



Resultatet av fryseturking av vasskada dokument etter brannen på heradshuset 2016. Foto: Sissel Hauge Søreide.

Frå 1. august 2014 er arkivtenesta organisert som ei eiga fageining i stab og støtte med arkivleiar som fagleg ansvarleg. Arkivtenesta har på tre tilsette (2,3 årsverk). Talet på journalførte brev er ikkje dekkande for kommunen sin korrespondanse. Mykje av korrespondansen i dag går føre seg på e-post direkte til og frå kommunen sine tilsette. I 2017 vart det sett i drift ein moderne versjon av saksbehandlingssystemet og sikker elektronisk post er no tatt i bruk både for utgå-

ande og inngående brev. Saksarkivet er no fullelektronisk og digitaliseringa av papirarkiv er starta opp. Dette gjeld både for dokument skada i brannen på heradshuset og dokument som før berre har vore lagra på papir.

### IKT-AVDELINGA

Frå 1. august 2014 er ikt-avdelinga organisert som ei eiga fageining i stab og støtte med ikt-sjefen som fagleg ansvarleg. Eininga har to tilsette (1,9 årsverk). Eininga har ansvar for enkel brukarstøtte, innkjøp av ikt-utstyr og ikt-opplæring i kommunen. Drifts-

ansvaret for ikt-løysingane og brukarstøtte er overført til Nordfjordnett i Måløy.

### PERSONALAVDELINGA

Frå 1. august 2014 er personalavdelinga organisert som ei eiga fageining i stab og støtte med personalsjefen som fagleg ansvarleg. Eininga har to tilsette (2,0 årsverk).

### SKATTEOPPKREVJAREN

Gloppen har no felles skatteoppkrevjar med Eid kommune. Vi har arbeidsgjevaransvar for ein tilsett (0,7 årsverk).

### ØKONOMIAVDELINGA

Frå 1. august 2014 er økonomiavdelinga organisert som ei eiga fagavdeling i stab og støtte med økonomisjefen som fagleg ansvarleg. Eininga har ni tilsette (7,7 årsverk).

Oppgåvene/-funksjonane som ligg til økonomiavdelinga er

- kommunen si lønnsavdeling
- fakturabehandling
- fakturering og innkrevjing av kommunale avgifter, gebyr og andre uteståande fordringar
- økonomisk planlegging (budsjett/økonomiplan)
- økonomisk kontroll og oppfølging av drift og anlegg

- fastsette økonomiske rutinar i etatane og syte for at desse vert enkle og oversiktleg
- føre kommunen sine rekneskap
- syte for god og sikker plassering av kommunen sine likvide midlar
- innkjøp og elektronisk handel.

I tillegg til kommunerekneskapen er avdelinga ansvarleg for føringa av rekneskapen til fellesrådet og har dei same oppgåvene på lønn, fakturering og innkrevjing for fellesrådet som for kommunen.

Økonomiavdelinga leiger ut dagleg leiar til Gloppen Energi AS.

Fjordenes Tidende

Nyheter Sport Kultur Pluss Skipstrafikken FjT TV E-avis

MENY

## Rår unge kvinner til å køyre på i yrkeslivet

Janne Storevik er landets yngste kommunale økonomisjef. – Hiv deg uti, kør på, stå på og jobb, er 25-åringen sitt råd til unge kvinner som vil opp og fram i yrkeslivet.



Kom heim og vart sjef: Janne Storevik frå Eid flytta tilbake til Nordfjord etter økonomistudiar i Bø i Telemark. 25-åringen trur det kan vere eit lurt karrieresteg å selje seg til jobbar i distrikts-Norge der det ikkje er like hard konkurransen om toppjobbene som i ein by. No er ho landets yngste kommunale økonomisjef. FOTO: JØRN-ARNE TOMASGARD

*Vi har landets yngste økonomisjef, og dette har både Kommunal Rapport og Fjordenes Tidende laga reportasje om i 2017.*

### PLAN- OG UTGREIINGSAVDELINGA

Frå 1. januar 2017 er plan- og utgreiingsavdelinga flytta frå kultur til stab og støtte. Avdelinga er no organisert som ei eiga fageining. Eininga hadde i 2017 tre tilsette (1,9 årsverk). Arbeidet i plan og utgreiingsavdelinga er omtala i kapittel om lokalsamfunn (side 52 og 53).



2017 har vore eit planår. Det har vi fått til takka vere plan- og utgreiingsavdelinga vår.



Gløppen blir Av og til-kommune 7. desember i 2017. F.v. rådgjevar Åslaug Haugset, Marte Sletten frå 'Av og til' og ordførar Leidulf Gløpestad. Foto: Jan Kåre Fure.

## Samarbeid og interkommunale tenester

Gloppen kommune er medlem av ei lang rekke interkommunale samarbeidsordningar som har vorte til fordi vi er for små på området til å løyse oppgåvane åleine. I oversikta som følgjer er berre formaliserte samarbeid tekne med:

Namn	Formål	Organisering	Årlege kostnader/inntekter				
			2017	2016	2015	2014	2013
Nordfjordrådet	Regionalt samarbeid	§ 27-samarbeid	116	75	75	74	74
Nordfjord Miljøverk*	Innsamling, transport og deponering av avfall	Interkommunalt selskap (IKS)	0	0	0	0	0
Nordfjord	Hamnesamarbeid	Interkommunalt selskap (IKS)	-281	-172	-461	-210	-174
Havnevesen							
Alarmsentralen Sogn og Fjordane	Brann- og tryggleiks-alarmvarsling	§ 27-samarbeid m/vertskommune	761	749	749	742	619
Kommunerevisjonen i Nordfjord	Revisjon	§ 27-samarbeid m/vertskommune	676	707	632	613	575
SEKOM-sekretariatet	Sekretariat for kontrollutvalet	§ 27-samarbeid m/vertskommune	178	155	180	155	164
Trivselshagen IKS**	Drift av idretts- og kulturbygget	Interkommunalt selskap (IKS)	0	0	0	0	0
Nordfjordnett	Drift av felles IKT-løysingar	§ 27-samarbeid m/vertskommune	2.958	2.902	2.454	2.711	774

Tal i 1.000-kroner.

\* Kostnadene med drift av Nordfjord Miljøverk IKS blir dekkja inn av NoMil sine abonnentar. Gloppen kommune sine kostnader til gratis tomt i Eidsmona for NoMil er ikkje med i oversikta.

\*\* Den kommunale kostnaden med drift av anlegga i Trivselshagen kjem fram som husleige for dei tenestene som har lokale i anlegget.



Ordførarane i Nordfjordrådet i 2018. F.v. Alfred Bjørlo (Eid), Leidulf Gløppestad (Gloppen), Kristin Maurset (Vågsøy – leiar), Stein Robert Osdal (Selje), Stig Olav Lødemel (Hornindal) og Roger Aa Djupvik (Stryn). Foto: Tormod Flatebø, Fjordabladet. I 2017 vart Nordfjordrådet samde om å tilsette dagleg leiar og Roger Aa Djupvik vart tilsett i stillinga, med Gloppen som vertskommune.

## Lokalsamfunn



Opening av gapahuk/grillhytte på Myra. Grillhytta er sett opp av Åsen Vel, til stor glede for m.a. Mona barnehage. Foto: Per Arne Strand.

## Overordna planlegging, nærings- og samfunnsutvikling

### OVERORDNA PLANLEGGING

2017 vart eit hektisk år med igangsetting, oppfølging og ferdigstilling av fleire viktige planar, med fleire parallelle planprosessar. Gjennom desse prosessane har vi blitt meir bevisste på kva for kvalitetar lokalsamfunnet vårt har, kva vi treng av endring og i kva for retning vi ønskjer å utvikle oss.

#### Ny kommuneplan

I januar 2017 vart arbeidet med ny kommuneplan – i første omgang ny samfunnsdel, dratt i gang med framtidsverkstader i Hyen, Breim, på Nordstranda, Sørstranda og Sandane. I tillegg vart det gjennomført forenkla framtidsverkstader på Hestenesøyra og i Kandalen, eit rundt tema «kulturlivet i Gloppen» og eit eige medverknadsopplegg vart tilbydd skulane og Gloppen opplæringsenter.

Det vart parallelt med dette samla inn innbygarinnspel om lokalsamfunnet Gloppen sine menneskeskapte stadskvalitetar blant potensielle tilbakeflyttarar, ungdommar ved Firda og med

næringslivet i Gloppen. Dette vart i etterkant samla og oppsummert av ei nedsett arbeidsgruppe (m/repr. frå planavdeling, næringsliv, frivillige og politikk), og som ved hjelp av innspela jobba fram ein ny posisjon for Gloppen.

Samfunnsdelen vart ferdigstilt i september 2017, og lagt ut på høyring i oktober og november. Endeleg godkjenning vart utsett til februar 2018.

Våren 2017 vart det for første gang gjennomført «Ung data – undersøking» elektronisk både på ungdomsskulen og på vidaregåande skule, med svært god deltaking. Parallelt med dette vart «Utfordringsdokumentet 2015» oppdatert og namnet endra til «Helse og trivsel – kunnskapsgrunnlag for Gloppen kommune 2017».

#### Tema- og kommunedelplanar

Parallelt med dette arbeidet, vart kommunedelplanane - «Bustadpolitisk handlingsplan 2017–2025» og «Barnehage- og skulebruksplan 2017–2030» samkjørt og ferdigstilling ettervinteren og

endeleg vedteken våren 2017. I tillegg vart også «*Temoplan for samordning av tenester og opplæring for barn og unge*» ferdigstilt og endeleg vedteken dette halvåret.

Hausten 2017 starta arbeidet med ny «*Kommunedelplan for helse og omsorg 2018 - 2030*», i tett samarbeid med ei arbeidsgruppe med fleire einingsleiarar og brukarrepresentantar.

### TRYGGE LOKALSAMFUNN

I mai 2017 fann markeringa av Gloppen si godkjennung som eit «Trygt lokalsamfunn» stad, med brask og bram, korpsmusikk og pølseservering. Her vart barnehagane sitt systematiske arbeid med trafikksikring løfta fram, og det vart arrangert eit flott mai-tog gjennom sentrum av Sandane, med representantar frå alle barnehagane i Gloppen, før sjølvé markeringa fann stad ved STIL-stova. Både politiet, representant for Trygg trafikk i Sogn og Fjordane, dagleg leiar i Skadeførebyggande forum og formannskapet deltok i markeringa. Alle barnehagebarna fekk utdelt refleksvestar med barnehagane sitt namn og trygge lokalsamfunn-logoen på.

I slutten av mai, fekk alle dei sist godkjente trafikksikre barnehagane (totalt seks) besök av Trygg trafikk, varaordførar/utvalsleiar for oppvekst og koordinator for ordninga. Her vart det skrudd opp skilt som eit synleg teikn på godkjennung, og dei frammette fekk presentert korleis barnehagane, på ulike måtar har lagt til rette for trening på trafikktryggleik.

Hausten 2017 starta arbeidet med å søke godkjennung som **trafikksikker kommune**, med rettleiingssamling for aktuelle einingsleiarar. Målet er at kommunen skal søke godkjennung innan våren 2018.

I desember var det formelt markert at Gloppen kommune vil vere ein **Av- og Til-kommune**. Dette

er i tråd med kommunen sin nyleg vedtekne rus-politiske handlingsplan og fokus på tidleg innsats.

### NÆRING

I 2017 har Gloppen forsterka sin posisjon som Norges komposit-hovudstad. Br. Aa hentar inn nye priser, og Strukturplast fyller kultursalen med nasjonal komposit-konferanse. Arbeidet med bygging av ny fabrikk til Strukturplast m.fl. er i gang. Her er det er forventa 15 nye arbeidsplassar.

Næringsfondet er fordelt over to omgangar. Vi helsar nyetableringane Hjelpemiddelpartner AS, Sandane Osteopati, Torheim kostveileiing og Spenst Gloppen velkommen og ynskjer lykke til. I tillegg har vi store forventningar til gründerbedrifta «PocketID» som har sitt utspring frå det kreative miljøet rundt Reed Foto.

Gloppen er i ferd med å finne sin plass i reiselivssatsinga. Stisykkelcenteret på Vereide er i gang med fase 1 av utbygginga. På Breim har 15 grunneigarar skipa Nibberåsa som skal stå bak utbygginga av rundturen på ca 14 km opp Eggenipa, rundt dalen og tilbake til utgangspunktet ved E-39.

Den første Dagsturhytta vart opna på Draumekvila i nærturområdet Trivselsskogen 8. desember.

I romjula arrangerte vi «Kom til Gloppen». Ca 60 personer var innom for å møte lokale bedrifter på jakt etter nye medarbeidarar.

### BUSTADPOLITIKK

#### Bustader til vanskelegstilte

Dei siste bustadane i Myklebusstunet vart innflytta i 2017. Samtidig har det vore jobba kontinuerleg med å skaffe til veie fleire private bustader og i 2017 vart det kjøpt tre leiligheter på Breim og ei på Sandane.

## Arbeidsmarknaden

Ved utgangen av 2017 var arbeidsløysa 0,6% i Gloppen. Til samanlikning var arbeidsløysa i Sogn og Fjordane på 1,5 % og i landet på 2,4 %. I gjennomsnitt hadde Gloppen ei arbeidsløyse på 0,9 % i 2017. Arbeidsløysa i Gloppen har over tid vore stabilt låg.

## Mottak og integrering av flyktningar

I 2017 busette kommunen 28 nye flyktningar. Av dette var 12 vaksne, 14 barn og to einsleg mindreårige. Integreringstilskotet frå staten kom på til saman kr 33.217.575.

59 flyktningar var i eit introduksjonsprogram i løpet av året. Introduksjonsprogrammet er eit toårig kvalifiseringsprogram med rettar og plikter. Målet er å styrke den enkelte innvandrar sine sjansar for deltaking i yrkes- og samfunnsliv og bli økonomisk sjølvstendig.

17 av flyktningane avslutta programmet sitt i 2017. Resultata syner at 64,7 % av dei som avslutta programperioden sin i fjar gjekk direkte ut i lønna arbeid (5) eller vidare i utdanning (6). Av dei andre, gjekk to over i grunnskule, ein i tiltak gjennom NAV, to fekk vidare oppfølging grunna helsemessige årsaker, og ein vart ordinær arbeidssøkjar. Gloppen kommune har over tid hatt gode resultat på dette området.

## Kven representerer Gloppen kommune?

Gloppen kommune deltar i ei lang rekke samarbeid både interkommunalt og i andre samanhengar. I nokre av desse har kommunestyret, og unntaksvis andre kommunale organ, peika ut spesielle personar som skal representere Gloppen i styrande organ. Viss ikkje det er peika ut eigne representantar, er det ordføraren som er kommunen sitt medlem i organet. Her er ei oversikt over kommunalt valde eller utpeika representantar i ulike samarbeidsorgan ved årsskiftet 2017/2018 (representasjon i aksjeselskap der kommunen er aksjonær, er ikkje med i oversikta):

### Nordfjord Miljøverk (NoMil) IKS

Kommunale medlemmer i representantskapet:  
Leidulf Gloppestad (Sp), med Laila Frøystad Falck (Ap) som vara – Roar Henden (H), med Audun Mundal (KrF) som vara – Mariel Eikeset Koren (MDG), med Gro Vereide (SV) som vara. Kommunen sin representant i styret (valt av representantskapen): Gunnvor Sunde (SD), med Jeffrey Thomas (Sp) som vara.

### Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS

Kommunalt medlem i representantskapet: Magni Aa Berge (Sp), med Anne Grete Hoddevik (SD) som vara. Magni er leiar av representantskapet.

### Nordfjord Havn IKS

Kommunal representant i hamnerådet: Ordføraren Leidulf Gloppestad (Sp), med Audun Mundal (KrF) som vara. Kommunen sin representant i styret (valt av hamnerådet): Solveig Lien Gusdal (Sp), med Per Rune Vereide (Sp) som vara.

### Trivselshagen IKS

Kommunen sine medlemmer i representantskapet:  
- Bernt Reed (Sp), med Bjarte Gangeskar (V) som vara  
- Katrine Anita Haugerøy Heggelund (SV), med Marit Reikvam (V) som vara. Ragnhild Bruvoll og Jan-Kjetil Øygard er kommunale representantar i styret der sistnemnde er styreleiar.

### Stiftinga Frivillegsentralen i Gloppen

Kommunal utsending til årsmøtet i stiftinga: Arnfinn Brekke (KrF), med Marit Straume (Sp) som vara.  
Kommunal representant i styret: Per Ståle Husevåg (KrF).

### Stiftinga Karnilstunet

Kommunen sin representant i styret for stiftinga: Olaf Sigurd Gundersen (Sp).

### Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Leidulf Gloppestad (Sp) sit i styret med Magni Aa Berge (Sp) som vara.

### Stiftinga Norsk Countrytreff

Kommunen sitt medlem til representantskapet i stiftinga: Audun Mundal (KrF), med Kent Øystein

Hjelle (Sp) som vara. Kommunale representantar i styret: Oddrun U. Slagstad (Sp) og Frode Fagerli (KrF).

### Stiftinga Norsk Fjordhestgard

Kommunal representant til rådet i stiftinga: Jostein Arne Røyrvik (Sp), med Kjellrun Hjeltnes (SD) som vara.

### Kommunerevisjonen i Nordfjord (§ 27)

Kommunen sitt medlem i samstyret: leiaren i kontrollutvalet Frode Fagerli (KrF), med nestleiar Bjarne Bø (Sp) som vara.

### SEKOM-sekretariatet (§ 27)

Kommunen sitt medlem i styret: Per Rune Vereide (Sp), med Ragnar Eimhjellen (V) som vara.

### Gloppen kyrkjelege fellesråd

Kommunen sin representant rådet: Per Ståle Husevåg (KrF), med Petter Lothe (Ap) som vara.

### Nordfjord Folkemuseum

Kommunen sin representant i rådet: Magni Aa Berge (Sp), med Anders Rinde (KrF) som vara.

### Jostedalsbreen Nasjonalpark

Kommunen sin representant i nasjonalparkstyret (peika ut av Miljødirektoratet): Venke Kollbotn (KrF), med Vidar Sandal (Sp) som vara.

### Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord

Kommunen sin representant i styret (peika ut av Miljødirektoratet): Leidulf Rygg Bogstad (KrF), med Gunnvor Sunde (SD) som vara.

### Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Kommunen sin representant: Sjur Atle Austrheim (V) med Gunnvor Sunde (SD) som vara. Det er Miljødirektoratet som peikar ut nemnda.

### Ålfotbreen landskapsvernombord

Kommunen sin representant i styret (peika ut av Miljødirektoratet): Hege Lothe (SV), med Per Rune Vereide (Sp) som vara.

## Årets prisvinnarar i 2017

### Kulturprisen til Hanne Oftedal



Prisvinnar Hanne Oftedal saman med ordførar Leidulf Gloppestad (til venstre) og leiaren i MULTEK-utvalet Arnar Kvernevik (til høgre). Foto: Jan Kåre Fure.

Kulturprisen for 2017 vart tildelt Hanne Oftedal, med denne grunngjevinga:

Hanne har gjort ein framifrå kulturinnsats i nærmare 30 år, og særleg har hennar rolle i samband med kammermusikk-festivalen, Gloppe Musikkfest, fått merksemrd utover kommunegrensa. Til årets festival kom sjølvaste Kringkastingsorkesteret, KORK, til Sandane og ein fullsett Trivselshall. Saman med KORK deltok unge talent, musikklinjekoret frå Firda vgs., og lovande klassiske utøvarar.

Hanne har arbeidd som musikkterapeut, som høgskulelærar på musikkterapiutdanninga på Sandane, og som kulturarbeidar. Forteljing og eventyr har alltid hatt ein sentral plass hos Hanne, og ho har brukt eventyr rim, reglar, song og musikk frå mange land som ein del av framsyningane sine.

Hanne er ein organisor, nettverksbyggar og kulturentreprenør som er oppteken av at kommunen skal gje gode vekstvilkår både for det frivillige og profesjonelle kulturarbeidet.

Prisvinnaren sin innsats for å fremje samarbeid mellom det frivillige og profesjonelle kulturlivet i Gloppe har bidrige til at kommunen gong etter gong ligg i topplistene som kulturmommune, samt at vi også i 2017 fekk prisen som beste musikk-kommune i 2017.

### Ungdomens kulturpris til Emilie Larsen Evebø



Prisvinnaren Emilie Larsen Evebø. Foto: Kjersti Rønningen.

Årets vinnar av Ungdommens kulturpris er både reflektert og engasjert på mange område. Vinnaren har vore engasjert i elevråd, og har vore både medlem og leiar i 4H. Ho er ein dyktig teiknar og fotograf, og har mange års erfaring i Sandane skulekorps sin drilltropp som drillar sjølv, samt som instruktør. Men det var ikkje dette Gloppe Ungdomsråd la mest vekt på då dei valde Emilie som mottakar av prisen:

Vi vil trekke ekstra godt fram at vinnaren har kome langt som skribent med gode, reflekerte tekstar som har blitt publisert både i Firda Tidend, Firda og Bergens Tidende. Dette arbeidet har gjort vedkommande til ein av to som er nominerte til Draumestipendet frå Gloppe. Ho er ein inspirasjon for samfunnet rundt seg, både med leiareigenskapane sine og evna til å tenkje annleis, samtidig som ho set ord på desse tankane. Ho lurer på å bli journalist, og har lyst til å skrive bok. Ho er 17 år gammal, og syns vi gløymer å glede oss over livet og verda. Vi håpar at denne prisen er noko du kan glede deg over i livet.

## Arbeidsmiljøprisen til servicetorget



*Arbeidsmiljøprisen omfattar ein diploms, ein gavesjekk på kr 5.000 og ein blomsterbukett. Frå venstre: ordførar Leidulf Gloppstad, Siv Kvalsvik Haugen, Margrete Solheim og Anvor Hauge. Foto: Jan Kåre Fure.*

Arbeidsmiljøprisen i år vart tildelt servicetorget. Ordføraren ordla seg slik ved utdelinga:

Servicetorget gjer ein kjempejobb med å representere Gloppen kommune. Dei møter absolutt alle med ei god serviceinnstilling og godt humør. Dei står alltid på «pletten» til å hjelpe. Vi har alle vore i kontakt med dei og veit kor gode representantar dei er for Gloppen kommune

Dei tilsette på servicetorget er Siv Kvalsvik Haugen, Margrete Solheim og Anvor Hauge.

## Byggeskikkprisen

vart ikkje delt ut i 2017.

## Årets gloppar – Tor Øyvin Aa



*Årets gloppar 2017 er Tor Øyvin Aa. Han er dagleg leiar i Brødrene Aa i Hyen. Foto: Jan Kåre Fure.*

Prisen som Årets gloppar 2017 vart delt ut i kommunestyret så seint som 25. april 2018. Det var leiaren i MULTEK-utvalet, Arnar Kvernevik, som delte ut prisen. Han sa m.a.:

Tor Øyvin Aa og bedrifa gjev innhalde til begrepet "Det grøne skiftet" og vi har snart ikkje tal på alle dei utmerkingane og prisar som har blitt tildelt prisvinnaren og Brødrene Aa den seinare tid. Brødrene Aa har gjort sin visjon til røyndom. Visjonen er nyskapande og utruleg vakker! Og det har skjedd i Hyen i Gloppen.

Prisvinnaren, familien og bedrifa er uløyselig knytt saman, og årets Gloppar-prisen er samstundes ei anledning til å anerkjenne alle dei involverte sin innsats og det samfunnsansvar som Brødrene Aa viser, ikkje berre i 2017, men gjennom fleire generasjoner.

Gloppen kommune og velferdsstaten er avhengig av at det vert skapt verdiar for å kunne dele og omfordele. Den norske samfunnsmodellen bidreg til økonomisk vekst, likestilling, tillit mellom folk og små sosiale forskjellar. Tor Øyvin og Brødrene Aa bidreg til denne velferda gjennom nye klimavennlege løysingar og arbeidsplassar i den grøne sektoren.

Tor Øyvin og skaparkrafta i Hyen bidreg til velferds-Norge og til det gode omdømet som Gloppen har opparbeidd seg over tid.

Dei som kjenner prisvinnaren karakteriserer han som roleg, sakleg, kunnskapsrik og diplomatisk. Eigenskapar som kjem godt med når ein skal forhandle med, og håpefullt inngå avtalar i verdas største marknad.

Den travle bedriftsleiaren er òg Hyen-patriot, og han nyttar alltid høvet til å framheve bygda på ein positiv måte. Men han er også med på å løfte fram problemstillingar som därleg veg, behov for ny skule og andre infrastrukturtiltak når han pratar med viktige politikarar eller andre.

Han er raus til å profilere andre næringsaktørar i bygda og resten av Gloppen. Han peikar ofte på kor viktig flyplassen er for næringslivet. Med sitt nettverk kan stemma hans fort bli avgjerande i viktige saker for bygda og kommunen.

Det er MULTEK-utvalet som på vegne av kommunen har bestemt kven som får prisen Årets gloppar. I retningslinjene for prisen heiter det mellom anna at den skal vere eit takk for å fremje gode samfunnsverdiar, men òg for å inspirere til vidare innsats og utvikling.